Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 19 - 1994

Oslo 1994

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 19 – 1994

Redaksjonen er avslutta 9. mai 1994

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking 4
Landsmøte i Norsk namnelag 4
Møte i Samarbeidsnemnda 5
Den 11. nordiske namnegranskarkongressen 6
NORNA-møte i Oslo 6
Møte i ICOS i Oslo 7
Den nordiske divisjonen i FNs namnegruppe 7
FN-møte i New York 8
Stedsnavnmyndighet på Færøyene og Grønland 8
Hellberg-symposium i Uppsala 9
Praktiske kurs i stadnamn-normering 9
Fellesorganisasjon for kulturminnevernet 9
Sammenligning mellom samiske kunavn og hundenavn 10
Trekk av stedsnavnene på Svalbard 13
Ordet *lund* i stadnamn 16
Evelsbrear og evelsfonner 18
Namn og Nemne 18
Adresser og stadnamn. Del 2 19
Er stadnamna verneverdige? 21
Norske geitenamn – kulturminne og utviklingssoge 23
Namn i neon 25
Samansetjing av stadnamn der fyrsteleddet er eit produkt-
namn/-nemne på *-mann* 25
Er namnet *Erna* norsk eller tysk? 26
Stedsnavnarbeid i Tjeldsund lokalhistorielag 28
Klagenemnda for stadnamnsaker 28
Unge Forskere 1994 37
Ny bok frå Ivar Aasen-selskapet 37
Studentarbeid om namn 38

DEN 7. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking vart halden på Blindern i Oslo fredag 19. november 1993 med *Stadnamn og kulturlandskapet* som hovudemne. Avdeling for namnegransking stod som tilskipar. Nærare 100 personar frå ulike fagmiljø og interesserte elles var med. Til saman vart det halde 14 innlegg. Docent Jan P. Strid, ordboksredaktør i Lund, var invitert som gjesteførelesar. Han heldt foredrag om *Kulturlandskapets språkliga dimension: Ortnamnen*. I tillegg til namnegransking var det innlegg med bakgrunn i m.a. arkeologi, etnologi og busetnadshistorie. Rapporten med foredraga og diskusjonen frå konferansen er venta til hausten.

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Landsmøtet i *Norsk namnelag* vart halde i Oslo 19. november 1993, like etter den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Det hadde no gått 3 år sidan førre landsmøtet. Etter lovene skal det haldast landsmøte annakvart år, og formannen, Botolv Helleland, bad om godkjenning for den utvida driftsbolken. Styret hadde året før, i *Nytt om namn* nr. 15, bede om førebels godkjenning av ei slik utsetjing.

I perioden som låg til grunn for meldinga frå styret, hadde tidsskriftet *Namn og Nemne* kome ut med tre årgangar (fordelte på to hefte). Meldingsbladet *Nytt om namn* hadde kome ut med 6 nummer.

Medlemstalet var 307. Landsmøtet fastsette at årspengane til Norsk namnelag framleis skulle vera 130 kroner. Det inkluderer abonnementet på dei to skriftene.

Fyrsteamanuensis Botolv Helleland vart attvald som formann for den neste toårsbolken. Fyrsteamanuensis Gulbrand Alhaug vart attvald som varaformann. Elles kom desse med i styret: Fyrsteamanuensis Peter Hallaråker, med fyrstekonsulent Terje Larsen som varamann (båe attvalde), fyrstekonsulent Anne Svanevik, med fyrsteamanuensis Kristoffer Kruken som varamann (båe attvalde), og fyrstekonsulent Kjell Erik Steinbru (ny), med professor Oddvar Nes som varamann.

Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes vart attvalde som redaktørar for tidsskriftet *Namn og Nemne*. Kjell Erik Steinbru vart vald til redaksjonssekretær. Botolv Helleland og Kristoffer Kruken vart attvalde som redaktørar for meldingsbladet *Nytt om namn*. Frå dei to redaksjonsnemndene kom det sterke oppmodingar til medlemmer og andre om å senda inn stoff.

Amanuensis Bjørn Eithun og fyrsteamanuensis Eskil Hanssen vart attvalde som revisorar.

Under ymse kom det fram ein del kritiske kommentarar til avsnittet om bøyingsverket i dei endra forskriftene til stadnamnlova. Vidare kom det ei oppmoding om at Norsk namnelag, eventuelt i samråd med Norsk språkråd, burde ta eit initiativ overfor Justisdepartementet med tanke på å dempa den "dramatiske utviklinga" i norsk personnamnskikk ved ein stadig aukande bruk av utanlandske namn.

Anne Svanevik (ref.)

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA

Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde møte i Oslo 20. november 1993. Ei av sakene galdt Dokumentasjonsprosjektet. Dette prosjektet har som føremål å dataregistrera setelsamlingane ved namne- og ordarkiva på universiteta. Sjølve innskrivinga føregår på ulike stader i landet ved hjelp av arbeidsmarknadstiltak. Dei faglege institusjonane står for tilrettelegging og kontroll. Ved Avdeling for namnegransking har det til no vore arbeidd med innskriving av etymologiregisteret frå Uppsala. Samarbeidsnemnda gjorde vedtak om at bustadnamna ved AN burde prioriterast i neste omgang.

Ein stor del av møtet gjekk med til å drøfta dei endra forskriftene til stadnamnlova. Tolkinga av formuleringa "stadnamn ... som framleis er i levande bruk" førte til ein del diskusjon. Nemnda meinte her at det i prinsippet er tilstrekkeleg om berre éin person har halde på den aktuelle uttalen. Elles kom det fram kritikk av ein del enkeltpunkt, m.a. at det var inkonsekvent å skriva *tjenn/tjønn* etter uttalen når ein elles skal skriva *bjørn* for uttalen *bjønn* o.l. (§ 2-3 d). For formuleringa "Konsonantsambanda *sl, tl, ft, pt, fs* og *ps* kan skrivast i samsvar med målføret" ynskte nemnda "Konsonantsambanda *sl, tl, ft, pt, fs* og *ps* kan nyttast i skrivemåten av stadnamn". Setninga "Hankjønnsord får i bunden form endinga *-en* eller *-n* i samsvar med målføret" (§ 2-3 e) burde presiserast til "Bunden form av hankjønnsord skal vere *-en* med regulering til *-n* for jamvektsord og overvektsord som går som jamvektsord, i austlandsk og trøndsk (*hagan, bakkan*) — jf. § 2-3 d om jamvektsformer". Fleirtalsformer med uttalen *-adn* bør kunna normerast til *-an* eller *-ane* etter normeringstradisjonen. Uttrykksmåten "ta omsyn til eigarens ønske" (§ 5-2) burde gje høve til skrivemåten *Hagen* for uttalen *Hagan*, men knapt *Moløkken* for uttalen *Molykkja*.

Desse merknadene skulle oversendast til Kulturdepartementet. Elles gjekk Samarbeidsnemnda inn for at namnefaglege/språklege instansar burde ha klagerett i stadnamnsaker, t.d. Samarbeidsnemnda for namnegransking, Norsk språkråd og universiteta.

Som norsk medlem i det nye NORNA-styret vart fyrsteamanuensis Gulbrand Alhaug, Universitetet i Tromsø, foreslått. Fyrstekonsulent Aud Kirsti Pedersen frå same institusjon vart foreslått som vararepresentant. Det nye NORNA-styret skal veljast på den 11. nordiske namnegranskarkongressen på Sundvollen 19.-23. juni 1994. Norsk representant i den perioden som går ut, er fyrsteamanuensis Tom Schmidt, med fyrstekonsulent Anne Svanevik, Statens kartverk, som vararepresentant. Dei vart valde på den 10. kongressen i Brandbjerg i mai 1989.

Gulbrand Alhaug (ref.)

DEN 11. NORDISKE NAMNEGRANSKARKONGRESSEN

Den 11. nordiske namnegranskarkongressen vert halden på Sundvollen ved Tyrifjorden 19.-23. juni 1994 med Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, som arrangør. Sist Noreg stod for ei slik tilskiping, var i 1976. Den gongen vart kongressen halden i Sandefjord.

Emnet for kongressen på Sundvollen er todelt: 1) Onomastikken i faghistorisk og vitskapsteoretisk lys, 2) Namnemønster i regional og kronologisk variasjon. Det er påmeldt om lag 70 deltakarar. Det er deltakarar frå alle dei nordiske landa, dessutan er Nederland, Russland og Skottland representerte. Til saman er det påmeldt 31 foredrag, 9 under tema I og 22 under tema II. Foredraga og diskusjonen skal publiserast seinare.

Tysdag 21. juni blir det ekskursjon til Hadeland og Mjøsbygdene. Mjøsa skal kryssast om bord i Skibladner — skipet som alltid har bør.

NORNA-MØTE I OSLO

Det noverande styret i Nordisk samarbeidskomité for namnegransking (NORNA) skal ha sitt siste møte i Oslo 18. juni 1994. Her vil verksemda frå den føregåande femårsbolken verta oppsummert, og status vil verta overlevert til det nye styret som skal veljast på den 11. nordiske namnegranskarkongressen på Sundvollen 19.-23. juni.

MØTE I ICOS I OSLO

Styret for Det internasjonale namnegranskarrådet, ICOS (International Council of Onomastic Sciences), skal ha møte i Oslo 18. juni 1994. Under den 18. internasjonale namnegranskarkongressen i Trier i april 1993 vart det gamle ICOS omstrukturert (sjå Nytt om namn nr. 17). Av saker som skal handsamast på møtet, er medlemsopptak, utgjeving av Onoma og nærare samarbeid mellom ICOS og UNGEGN (FNs ekspertgruppe for geografiske namn).

DEN NORDISKE DIVISJONEN I FNS NAMNEGRUPPE

Den nordiske divisjonen i FNs ekspertgruppe for normering av geografiske namn, UNGEGN (United Nations Group of Experts on the Standardisation of Geographical Names), hadde 4. mars 1994 eit fellesmøte i Oslo med representantar for dei nordiske kartverka for å drøfta m.a. ein nordisk stadnamndatabase. Det er ynske om ein slik database på ca. 20 000 namn som kan nyttast til kart i målestokk 1:1 mill. Med på dette møtet var òg representantar for Norsk Polarinstitutt og Norsk språkråd. Andre saker som var framme, var offentleg stadnamnbruk i fleirspråklege område. Her kom møtet med ei tilråding om at representantar for minoritetsspråka i dei nordiske landa burde samarbeida om ei løysing med sikte på å gjennomføra korrekt skrivemåte av stadnamn i dei aktuelle områda i samsvar med tradisjonell namnebruk og gjeldande rettskriving for dei einskilde språka.

Ei anna sak galdt bruken av *eksonym* (namneformer i brukarlandet sitt språk, motsett *endonym*, som er opphavslandet si språkform av det aktuelle namnet). Her kunne ein konstatera at dei nordiske språknemndene var noko motviljuge til å fylgja opp FN-tilrådingane om å redusera bruken av eksonym. I ei planlagd nyutgåve av *Geografilista* er Norsk språkråd innstilt på å nytta mindre av diakritiske teikn enn i den noverande utgåva, noko som inneber større omsyn til norske brukarar og mindre omsyn til språket i opphavslandet.

Representantane i Den nordiske divisjonen er no: Danmark: Bent Jørgensen, Finland: Eeva Maria Närhi, Noreg: Botolv Helleland (formann), Sverige: Ann-Christin Mattisson.

Anne Svanevik (ref.)

FN-MØTE I NEW YORK

FNs ekspertgruppe for normering av geografiske namn, UNGEGN, skal ha sin 17. sesjon i FN-hovudkvarteret i New York 13.-24. juni 1994. Av dei nordiske landa vil Finland, Sverige og Noreg vera representerte. Dei nordiske landa skal leggja fram ein sams rapport om aktivitetar som gjeld normering og bruk av stadnamn i dei einskilde landa. Møta i FN-gruppa fylgjer eit fast opplegg der det vert lagt vekt på å løysa normeringsproblem nasjonalt og internasjonalt, men slik at tilrådingane mest mogeleg byggjer på nasjonale normeringsreglar. Sentralt står arbeidet med normering av stadnamn i fleirspråklege område. Ei rekkje land frå den tredje verda er representerte på møta med tanke på å få hjelp til å byggja opp normeringsorgan og namnedatabasar.

STEDSNAVNMYNDIGHET PÅ FÆRØYENE OG GRØNLAND

På *Færøyene* er Det færøske Akademi og Matrikelstoven i gang med å samle inn og registrere ca. 80 000 stedsnavn. Av disse er det ventet at ca. 15 000 blir tatt med på et nytt grunnkart i 1:25 000 og registrert i en database. Dette arbeidet beregnes ferdig i 1996. Ansvaret for vedlikehold av registeret ligger hos færøyingene.

Med hensyn til *Grønland* har grønlendingene selv fra 1993 fått overdratt det fulle ansvar for navnsetting og skrivemåte. Det er inngått en samarbeidsavtale mellom Kort- og Matrikelstyrelsen (KMS) og Direktoratet for Kultur, Uddannelse og Forskning som innebærer at alt vedrørende grønlandske stedsnavn blir behandlet av en egen navnekomité (Grønlands Stednavnenævn) med bl.a. språkforskere. Fra 1996 utgår "europeiske" navn av det grønlandske stedsnavnregister hvis det finnes et grønlandsk navn fra før. Ved personnavn der en del av navnet er et appellativ, erstattes dette ledd av det tilsvarende grønlandske ord. Ved opptakelse av nye "europeiske" navn vil samme retningslinjer bli fulgt. KMS fungerer som konsulenter og har kopi av navnedatabasen, som inneholder 26 000 navn. Danmark har ellers foreslått at Grønlands Stednavnenævn inviteres til neste møte i Den nordiske divisjonen i FNs ekspertgruppe, UNGEGN.

Egon Hansen
Kort- og Matrikelstyrelsen
København

HELLBERG-SYMPOSIUM I UPPSALA

I dagane 25.-27. mars 1994 vart det i Uppsala halde eit hyllingssymposium for Lars Hellberg, "en av Nordens främsta ortnamnsforskare under alla tider", som tilskipingskomiteen ordla seg i programmet. Tittelen på symposiet var "Ortnamn i språk och samhälle" og gav dermed uttrykk for det sentrale forskingsfeltet Hellberg har vore oppteken med i eit par mannsaldrar. Nærare 60 personar var med, og det vart halde 18 foredrag med etterfylgjande diskusjon. Fleire av foredraga inneheldt interessante og dristige nytolkingar og nye tilnærmingar til nordisk stadnamntilfang. Foredraga skal publiserast i ein eigen rapport. Frå Noreg deltok Jørn Sandnes, Ola Stemshaug og Botolv Helleland.

PRAKTISKE KURS I STADNAMN-NORMERING

Kulturdepartementet og Statens kartverk har sett i verk ei rekkje tiltak for å få fylgja opp stadnamnlova. Departementet har skipa til saksbehandlarkurs og samrådingsmøte for namnekonsulenttenestene. Kartverket har sentralt og gjennom fylkeskartkontora arrangert ei rekkje kurs for kommunale og statlege organ som har ansvar for fastsetjing av skrivemåten av stadnamn. Det har vore stor oppslutning om desse kursa, og det er tydeleg at dei ulike etatane etter kvart har fått betre forståing av kva lova og forskriftene inneber. Til no har det vore halde slike kurs i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Hedmark og Oppland. Fleire kurs er planlagde.

FELLESORGANISASJON FOR KULTURMINNEVERNET

Fortidsminneforeningen har teke initiativ til å skipa ein fellesorganisasjon for kulturminnevernet. Norsk namnelag var av dei organisasjonane som var inviterte til å vera med på eit samrådingsmøte i Oslo 4. februar 1994. På dette møtet vart det valt eit styre for den nye organisasjonen med Tore Berntsen frå Forbundet KYSTEN som formann.

Bakgrunnen for den nye samanslutninga er at handlingsplanen for kulturminneforvaltning, utgjeven av Miljøverndepartementet i 1992, har teke til orde for at friviljuge organisasjonar kjem sterkare med i kulturminnearbeidet. Den nye fellesorganisasjonen skal vera eit bindeledd mellom det offentlege og verneorganisasjonane og vil m.a. arbeida for å betra vernet av materielle og immaterielle kulturminne.

SAMMENLIGNING MELLOM SAMISKE KUNAVN OG HUNDENAVN

Både kunavn og hundenavn fordeler seg på flere motivgrupper. De vanligste er etter utseende og lynne, mens andre kan være oppkallingsnavn eller vise til andre forhold, som årstid og dato.

1. Karakteriserende navn

Mange karakteriserer kua og hunden ut fra trekk som farge og avtegninger (flekker eller striper), eksteriør, lynne eller oppførsel. De karakteriserende navna står sterkt når det gjelder kunavn, og er nærmest enerådende når det gjelder hunder.

Noen karakteriserer kua etter farge: Bunagorva har røde ører, mens Mustagorva er en svartøret ku. Lehtegorva har ører med flekker som ligner lauv, eller ørene er ujevne ("blomkålører").

En ku kan også karakteriseres ut fra avtegninger som flekker eller striper: En ku som bærer navnet Dávlet, har striper på siden. Muorjá er et karakteriserende navn på en ku som er småprikket. Lumet er også et navn som kommer av bær, nemlig molte, samisk luomi. Navnet karakteriserer en kvit ku med røde flekker. Andre navn som henspeiler på flekker, er Helbmo, som betyr perle, det vil si prikker rundt halsen. Girjo kommer av girjját, som betyr flekket. En kvit ku med svarte flekker får gjerne navnet Girjo.

Hundenavn som Bittoš, Čalmmo, Čáhppe, Čierggis, Dilko, Girjjon, Jarfe, Leđge, Lumbu, Muste og Ránne karakteriserer hunden enten ut fra hårfargen eller hårtypen, eller lengden på pelsen, eller en kombinasjon av dette. Čáhppe og Muste viser begge til svart farge, det ene kommer av et samisk og det andre av et norsk ord. Bittoš er en hohund med helt kvite bein fra knærne og ned. Lumbu er kvit eller nesten kvit, og med uvanlig korte bein. Jarfe er en hund med tykk og lang pels.

En av de vakreste hunder er Leđge, som er helt kvit og med kort, glinsende pels. Også Guvge er lys i pelsen, men med rødbrunt skjær. Ránne og Runne er meget vanlige hundenavn. Den første har grå pels, mens den andre har brun. Virkko har en kontrastfarget ring rundt halsen.

Mange av kunavna har finsk i begge eller i siste ledd. Alle samiske kunavn har kun ett ledd. Det finnes ingen finske hundenavn eller finske ord i hundenavn. Ingen hundenavn har to ledd, kun et karakteriserende enkeltord som går på hundens utseende eller gemytt. Det er ingen kunavn som karakteriserer kuas lynne eller eksteriør, mens det finnes mange hundenavn som gir uttrykk for halens lengde og form, og ørenes form. Jorbe er en hund som har kort hale. Snorri har en hale som er snurret flere ganger. Ørenes form karakteriseres bl.a. av "avbrukne" ører som kan gi hun-

den navnet Luvke, mens en annen hund med foroverhengende ører blir kalt Loahcu.

En hund kan som hvalp få navn etter lynne. Hábo er et navn som blir gitt en hvalp som er hissig og glefser hvis den blir ertet. Gemppo er en hundehvalp som har lett gemytt, logrer og er blid. Háippas er en "lettsindig" hvalp som er tilbøyelig til å være lite trofast og gjerne stikker av.

2. Oppkallingsnavn

I materialet er det ingen hunder som har oppkallingsnavn. Kuer har oppkallingsnavn som er gitt etter ukedager. Sundar eller Sumar er eksempler på oppkallingsnavn etter søndag, Mánda etter mandag. Kestet etter finsk keskiviikko (onsdag), mens Duoret kan være enten norsk eller finsk. Derimot er Berjo etter finsk perjantai (fredag). Láver eller Lávger er etter lørdag. Ingen oppkallingsnavn er etter historiske personer eller fra sagn eller eventyr, og heller ikke etter geografiske steder eller naturnavn.

3. Andre motivgrupper

Resten av kunavna fordeler seg på noen få motivgrupper. Datering som motivgruppe er representert i materialet ved Dammiku av tammikuu (januar) og Helda som kommer av hellodagat (pinse).

Noen navn er tilpasset samisk tunge. Det er Máirusa, Ruså og Veanna. En kalv som havnet på finsk side, fikk navnet Reiseliina. Hundenavna som er representert her, er alle karakteriserende.

4. Likheter og ulikheter i navngivningen

Et slående trekk er at det ikke forekommer hundenavn med to ledd, og at de samiske kunavn også har bare ett ledd. Unntak er de som har finske navn eller navn sammensatt av ett samisk og ett finsk ledd, f.eks. Mustagorva og Nástegorva.

Med unntak av kunavn som har to ledd, har alle hundenavn og kunavn to stavelser. Samisk har svært mange tostavelses verb og nomen, og meget få enstavelsesord. Derimot finnes det mange tre- og firestavelsesord. I samisk kan man ofte karakterisere en tilstand eller en situasjon med ett ord. Navn som Dávlet, Helbmo og Lumet forteller om kua er flekket eller stripet, og delvis også om den har svarte eller røde flekker.

Den samiske reinhunden er en spissøret buhundtype og forholdsvis liten. Den er lett og spenstig bygd og har et lett bevegelig temperament. Den var til nytte både for de fastboende samer som var avhengige av rein til transport og annet arbeid, og selvfølgelig for reindriftssamene. Eieren dresserte vanligvis hunden sin sjøl helt fra den var hvalp. Hunden ble lært til å lystre kommandoord for å kunne sendes ut i alle retninger, kort eller

langt, for å hente streifrein eller samle flokker av dyr. Hundens navn måtte også være kort. Hvis en hund kom bort fra eieren, kunne finneren prøve å finne ut hva hunden hette ved å se på hundens utseende eller lynne og så prøve forskjellige navn. Det gikk som regel bra.

Det var ofte eieren, eller den som skulle bli eier, som ga hunden navn allerede mens den var liten hvalp. Navn ble gitt etter at man hadde vurdert pelsen, eksteriøret og gemyttet.

Det var oftest den som stelte i fjøset som ga kalven navn. Ofte var det finske jenter og gutter som søkte arbeid i Kautokeino. De var vant med gårds- og fjøsarbeid — og det hendte ikke så sjelden at de ga kalven navnet. Ettersom gårdsfolket også kunne finsk, klang ikke finske navn fremmed i deres ører.

Ingen kunavn kan brukes som hundenavn, og hundenavn kan heller ikke brukes som kunavn. Navngivning krever derfor både språkkunnskap og følelse for hva som er sømmelig. Hverken kunavn eller hundenavn er offentlig regulert, så det er bare tradisjon, fantasi, smak og sømmelighet som setter grenser.

Selv om de kunavna som her er referert, henviser til tiden for en mannsalder siden, holdes navnebruken fortsatt i hevd. Hundenavn som omfatter både eldre og yngre materiale, viser at tradisjonen holder seg stabil.

Litteratur

Itkonen, Tuomo I.: Suomen lappalaiset vuoteen 1945. Bd. II. Söderström OY 1948. Kap. 23 Koira og kap. 24 Karjanhoito ja maanviljelus. 2. opplag (faksimile), Porvoo 1984.

Hætta, Odd Mathis: Sámi namat gusain. I: Finnmark Dagblad 17.8.1991.

Hætta, Odd Mathis: Samisk kunavntradisjon sammenlignet med samisk hundenavntradisjon. I: Festskrift til Ørnulv Vorren. Tromsø 1993.

Karbø, Asbjørn og Kruken, Kristoffer: Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg. Oslo 1991.

Kruken, Kristoffer: Kunamn — ein livskraftig tradisjon. I. Språknytt 2/1992.

Nielsen, Konrad og Nesheim, Asbjørn: Lappisk ordbok IV. Oslo 1962.

Solbakk, Aage: Eanandoallodajaldagat. Sámás 3, kap. 2. Oslo 1987.

Wiig, Margrethe: ABC. Oslo 1951.

Odd Mathis Hætta
Alta

Dette er den siste av tre artikler Odd Mathis Hætta har skrevet for *Nytt om namn* om samiske husdyrnavn. De to første stod i nr. 17 (s. 15-18) og nr. 18 (s. 31-33).

TREKK AV STEDSNAVNENE PÅ SVALBARD

Fra juli 1992 til august 1993 samlet jeg stedsnavn på Svalbard til et særemne i norsk ved Bergen Katedralskole. Innsamlingen ble kombinert med et arbeidsopphold i Longyearbyen. Jeg hadde problem med å finne noen som var villig til å være informant. En kveld på Huset, byens utested, spurte jeg en person om et navn jeg hadde hørt. Vedkommende hadde tydeligvis aldri hørt navnet selv, og kommentaren var: "Ta deg en øl så går det over." Min interesse for navnegransking kjølnet noe etter dette.

Interessen tok seg imidlertid opp igjen, og innsamlingen gikk bedre. Hele oppgaven består av 50 navn. Hovedinformanter har vært Kari Holm og Kjell Onarheim. De har vært bosatt henholdsvis 18 og 30 år i Longyearbyen. Gjennomsnittlig botid er 8-10 år. Det er noe av forklaringen på at det har vært vanskelig å få rede på hvor gamle navnene er.

Longyearbyen har hatt norsk bosetning siden århundreskiftet. Arbeidet med oppgaven har gitt meg det inntrykket at man har hatt og fremdeles har en rik tradisjon når det gjelder å sette navn på både mennesker, bygninger og steder. En del av navnene avspeiler etter mitt syn de spenninger som har vært mellom arbeidere og funksjonærer. Helt frem til 1960-tallet var det et ganske markert klasseskille i Longyearbyen. Personnavn er ikke en del av oppgaven, men jeg vil likevel nevne noen: *Isbjørnkokken, Bernt blåsar, Gunnar tann, Buknabajas, Lars i Helvete* og *Storfylla*.

Gatenavn

Hovedregelen for gatene i Longyearbyen er at de ikke har navn. De er i stedet merket med nummer. Til å begynne med hadde de ikke nummer heller. Det var bare husene som hadde nummer. Etter hvert ble bygningsmassen så stor at behovet for et mer oversiktlig system meldte seg. Dette skjedde på syttitallet, og man fikk diskusjon om veiene skulle få navn eller ikke. Redaktøren for lokalavisen var blant dem som gikk sterkt inn for navn. Store Norske Spitsbergen Kulkompani (SNSK) mente at oppkalling av gatene etter folk med mer eller mindre tilknyting til stedet var å favorisere enkeltpersoner. Også andre typer navn møtte motstand. SNSK skar til slutt igjennom og bestemte at gatene skulle nummereres. Nedenfor følger eksempler på navn som – så vidt jeg vet – ikke er kartfestet eller behandlet skriftlig noe sted.

Museumsveien. Veien fra museet til Nye Hilmar Rekstens vei. Navnet ble antagelig brukt første gang i Svalbardposten i 1992 i forbindelse med at deler av veien ble tatt av elva. Jeg har ikke inntrykk av at navnet er

vanlig brukt. Veien ble tidligere bare betegnet som "veien fra Haugen til Museet".

Nye Hilmar Rekstens vei. Veien fra sjøområdet til skolen på østsiden av Longyearelven.

Perleporten. Gangbroen fra vei 220 til vei 222. Den gamle trebroen som gikk der, ble tatt av ras fra Vannledningsdalen i 1989. Da de satte opp den nye broen, var den smalere enn den gamle, og nå ble det forbudt å kjøre med bil der. På folkemunne ble det sagt at det var like vanskelig å komme over elva på den nye broen som det var å komme igjennom perleporten hos St. Peter.

Gårds- og bostedsnavn

Blåmyra. Område i nedre del av Lia i vei 232. Navnet oppstod på åttitallet. Grunnen er at alle hybelhusene som ble bygget her i 1980-87, ble malt i forskjellige blåfarger. Navnet brukes blant folk i dag. Husene blir også kalt *Blåhusa* eller *Blåhusan.*

Navarhaugen. Navnet var i bruk blant gruvearbeiderne, og ble brukt om Haugen. Her hadde SNSK sine kontorer og boliger for funksjonærene. Navnet er hentet fra tegneserien om Bustenskjold. Funksjonærene ble kalt for plassbakkaller, og de holdt til på Navarhaugen. Navnet avspeiler nok noe av det klasseskillet som Longyearbyen tidligere hadde.

Bedehuset. Navn på bygning i vei 238/21 med flere leiligheter. Bygget var nytt i 1990, og en eller annen har ment at det ser ut som et bedehus. Det er det delte meninger om, men navnet brukes til vanlig.

Indianerlandsbyen. Brukt om husene i vei 230 da de ble bygget i 1976. Husene har spisse tak og står tett sammen. Det er sannsynligvis grunnen til at navnet oppstod. I dag går husene under navnet *Spisshusa* eller *Spisshusan.*

Låven. Navn på bygning med leiligheter i 232/37-39, satt opp i 1992-93 i privat regi. En eller annen har ment å kunne finne likhetstrekk mellom dette bygget og en låve. Navnet er i bruk.

Manillaslummen. Hytte på Revneset. Jeg hørte navnet høsten 1992, og det ble brukt om en hytte som visstnok hadde noen "rotete" tilbygg. Jeg tror navnet bare blir brukt i en liten krets.

Syndens hus. Navn på hybelhuset i 220/2. Ofte forkortet til *Syndens.* Navnet oppstod på syttitallet. Bakgrunnen har det vært vanskelig å få opplysning om, men det synes klart at det foregikk en god del festing der, både på ukedager og i helger. Huset hadde derfor et noe rufsete rykte.

Navnet er i daglig bruk, uten at det har noen sammenheng med hva som nå finnes der.

Tåkeheimen. Navn på administrasjonsbygget til SNSK, brukt av "gruvebusen". Igjen et navn som var nedsettende. Man mente at de ansatte i administrasjonen svirret rundt oppe på Haugen temmelig tåkelagte og uten begrep om hvordan arbeidet i gruva skulle gjøres. Såvidt meg bekjent brukes ikke dette navnet i dag.

Ørneredet. Navn på bygningen som står igjen etter gruvedriften i Hiortfjellet. Bygningen ligger ca. 700 m o h, på en hylle høyt opp i fjellsida. Dette er bakgrunnen for navnet. Jeg vet ikke når navnet ble til, men det har vært i bruk fra før 1977, og er i bruk fremdeles. Som en kuriositet kan nevnes at det tar ca. to timer å gå opp til Ørneredet. Det siste stykket er svært bratt. Det ble regnet som så farlig å gå der om vinteren at gruvearbeiderne måtte være der oppe i hele mørketida (ca. 4 måneder).

Naturnavn

Kistefjellet. Navn på fjell. Det offisielle navnet er Sarkofagen. En sarkofag er en forseggjort kiste, ofte laget av stein. Fjellet minner om en slik kiste. De aller fleste i Longyearbyen bruker det uoffisielle navnet.

Sukkertoppen. Navn på et fjell. Navnet er blitt til på grunn av formen fjellet har. Brukes på folkemunne. Det offisielle navnet er *Gruvefjellet*.

Blomdalsjuvet. Navn på en dump i veigrøften ved hestestallen. Bakgrunnen er denne: Kort tid før kongebesøket i november 1992 holdt sysselmann Odd Blomdal på å "time" kjøreruten som skulle følges. På det glatte føret mistet han kontrollen over bilen og havnet i grøften med "kongebilen". Episoden vakte allmenn latter og ble gjenstand for mange kommentarer. Navnet er et utslag av dette. Det blir ikke brukt noe særlig nå, men mange kjenner til det hvis man snakker om det.

Promillesvingen. Slakk sving på veien ovenfor skolen. En mannlig bilfører kjørte utfor der etter å ha inntatt sterkere drikke enn det han hadde lov til å kjøre bil med.

Kurt R. Olaussen

ORDET *LUND* I STADNAMN

I alle fylke sør for Finnmark er *Lund* eller *Lunde* gardsnamn. Berre i Hordaland finst *Lunde* i Etne, Ølen, Stord, Tysnes, Os, Manger, Voss, Vossestrand herad. *Lund* er gardsnamn i Kvinnherad, Fana, Eidfjord og på Vossestrand. Dessutan er *Lundarvik* namn på ein gard i Fusa og *Lundanes* i Kvam, Øystese. *Lunde* er dativ eintal av *Lund*, og *Lundar* er genitiv eintal; fleirtalsforma er *Lundar*, og den forma er òg gardsnamn sume stader.

På Voss ligg *Lunde* i Vikjar åttung og i Haugsvik på Vossestrand. I ytre Holbygdi, Vossestrand, er *Lund*. På Ringheim har tidlegare vore ein gard som heitte *Lund* eller *Lunde*. Mange brev frå mellomalderen viser det, og stadnamna *Lundarhovden*, *Lundarvatnet* og *Lundarosen* er minne om det; i desse namna er *Lundar* genitivforma som m.a. vert nytta i samansette ord, slik som her.

Det hadde ikkje vore grunn til å stogga ved desse namna, dersom dei berre viste til ei treklyngje, ein skogaduse eller ein skogkrull som for lenge sidan er borte. Men "lund" kan òg tyda noko meir: Ein lund var ein stad der folk mintest forfedrane og æra dei. Om landnåmsmannen Tore snepill står det i den islandske landnåmabok: "Tore tok sidan heile Hnjoskadal til Odeila og budde på Lund ("at lundi"), han blota lunden." At Tore *blota* lunden tyder at han innvigde han. Verbet *blota* har vore sett saman med *blessa* (engelsk *bless*) og tyder innvigja, helga, ofra, dyrka, velsigna.

Leiv Heggstad har i "Vossebygdene" XXI (1931) synt til ei rekkje stader i innmark på Voss, som har teigenamnet *Lunden*. Dei finst på Flògo, Gjerme, Ullestad, Gjerdskvål, Flatekvål, Leiddal, Norheim, Kyte, Grauo, Skjerve, Lid i Kvitli, Bryn, Haugo, Sonve. På Dagestad er *Lundaokùrn* (Lundåkeren), på Saue i Viki *Lundarskodl* og på Seim ved Seimsvatnet *Lundarkodl*. Heggstad skriv: "Ein vil leggja merke til at lund-namnet berre finst i dei eldste grender og etter måten svært jamt utbreidt. Det er òg å merka, at Lunden på alle desse gardane ligg på bøen og oftast ved ein gravhaug."

Arkeologane stadfester det som Heggstad skriv om gravhaugar i tilknyting til lundar. Heggstad granska berre dåverande Voss herad, men i Evanger finst *Lunden* på Fadnes ved utlaupet av Teigdalselvi og på Holo, Vossestrand, ligg *Lundamyri* med gravrøysa *Rùnakadl* i nordleg ende. Rùnakadl tyder "rudningsmannen" og viser til forfedrane som rudde og dyrka opp garden. Også på lund i Holbygdi er ein gravhaug som heiter *Rùnakadl*, og det er fleire gravhaugar med dette namnet, også i andre landsdeler: "Rudkallen" o.l. — I Lunden på Grauo, som ligg nedanfor tunet til bruksnr. 10 Øvre Grauo, er to gravhaugar; den eine er kalla *Rumbehaugen*, der Rumbe skal vera gravlagd. Han kan ha vore ein av rudningsmennene på Grauo.

Per Fett skriv i Førhistoriske minne på Voss (Bergen 1956) at det er gale det som Heggstad skriv om gravhaug i Lunden på Lid i Kvitli. Men Olav J. Lid fortel at då han eit år pløgde det stykket som heiter *Lunden* på Øvre Lid — det ligg nedst på innmarka ved grensa med Nedre Lid — kom han ned på store avlange heller, om lag ei aln breide og tre alner lange. Dei har heilt tydeleg vore tilkøyrde andre stader frå, Olav J. Lid meiner frå Mønsberget. Han såg tre slike heller; dei låg under plogdjupna, og han let dei liggja.

Det er merkande at alle dei stadene som heiter *Lunden*, ligg med fri, vid utsyn, og sume av dei har vore samlingsstader for grendafolk — særleg ungdomen — også i manns minne. Slik var det ved Lunden på Gjerme og Lunden på Bryn.

Oluf Rygh synest ha meint at ein heilag lund måtte vera ein stor, sentral, samlande stad, mykje større enn lunden i ei grend (Norske Gaardnavne. Indledning, s. 66), slik som den kjende staden Lund i Skåne. Den romerske historikaren Publius Cornelius Tacitus (56-120 e.Kr.) skildra òg dei heilage lundane hjå dei germanske folka slik (Germania, kap. 40). Men i den kristne kulturen ser ein at det er ikkje berre i dei store katedralane sjela får næring, men òg i småe kapell og ved krossar høgt oppe i sidedalar og fjellgrender. Det er grunn til å tru at det fanst både store og småe lundar, også i det samfunnet som var her føre kristendomen.

Anders Ohnstad opplyser at *Lunden* er eit gamalt namn på staden der kapellet på Fretheim stod, og at *Lunden* også er gamalt teigenamn i Aurland. Guttorm Holstad seier at *Haugalunden* er namnet på staden der dei gamle gravhaugane ligg på Hove i Vik i Sogn.

Det kan tenkjast at fleire gardar og grender har hatt ein stad dei kalla *Lunden*, for gravhaugar har det vore på mange fleire gardar enn dei som har ein slik stad, og dei er synlege enno, sume stader. Men namn kan gå i gløyme. Særleg i hundreåret etter Svartedauden, då ei mengd gardar låg aude, må mange teigenamn ha falle bort. Sjølve gardsnamna heldt seg; dei var bokførde i jordleigebøker, og daglegtalen mellom dei som overlevde elles i bygda, tok vare på dei. Men teigenamna var det ofte ingen til å ta vare på. Det er grunn til å tru at dei gardane som har teigenamnet *Lunden* på si innmark, ikkje låg aude i dei vanskelege tidene i seinmillomalderen.

Johannes Gjerdåker
Voss

EVELSBREAR OG EVELSFONNER

Ved Eikesdalsvatnet i Romsdalen er det ei hø som heiter *Evelsfonnhøa*. Ho er 1519 meter høg. Namnet er med på det topografiske kartet.

Det ser ut som folk i dag ikkje kjenner tydinga av namnet. I dag fungerer ikkje *Evelsfonna* som namn, men det har truleg vore stadnamn før. Fonn er her det same som bre. Denne fonna eller breen brånar aldri.

I Haram kommune på Sunnmøre finn ein namnet *Evelsbreen* på austsida av Hellandshornet. Dette er aust for Brattvågen. Namnet er med på Økonomisk kartverk, AR 107-5-2. Staden ligg i baksølta om lag 750 meter over havet. Dei som er kjende på staden, veit nok om det ligg snø her heile året.

I bygdeboka for Voll, III, 1991, s. 459 kan ein lese: "Før fylgde folk nøye med kva brear som kom vekk. Men alltid ligg det att brear oppunder høgste tindane, 'evelsbrear' vart dei kalla, brear som ligg æveleg." Her får ein vete kva ein evelsbre er.

Eit meir forståeleg namn med same innhaldet finn ein på nordsida av Reinsfjellet i Gjemnes kommune på Nordmøre. Her heiter det *Ævlegfonna* under dei bratte hamrane i 800 meters høgd. Det må vere berre kveldssola som når fram hit. Namnet er med på Økonomisk kartverk, BK 115-5-1.

Må tru om det finst liknande namn andre stader i terreng med brear? Her i Romsdalen ser det ikkje ut til å vere mange stader dei framleis talar om evelsbrear (ævelsbrear). Kva kallar ein slike brear (jøklar) i andre landsdelar?

Det er vel ikkje så mange som ansar på snøgangen i fjellet lenger. Brear var gjerne merke for korleis avlinga ville bli. I mine heimetrakter er det ikkje nokon som bryr seg om Grønårflekken i Langryggen brånar eller ikkje.

Kåre Magne Holsbøvåg
Kleive

NAMN OG NEMNE

treng stoff til neste nummer. Redaksjonen har fått inn nokre artiklar, men det er plass for meir. Kjære medlemmer i Norsk namnelag: Set i gang og skriv! Utan stoff går Namn og Nemne inn — det er sanninga. Ein treng ikkje å skrive langt; korte stykke er like velkomne. Skriftet er det viktigaste tiltaket laget har, og alle bør kjenne ansvar for at det skal få ei trygg framtid. Fristen for å levere stoff er 1. september.

ADRESSER OG STADNAMN. DEL 2

heiter ei ny, høgaktuell bok for dei som behandlar stadnamn etter namnelova frå 18. mai 1990. Boka er skriven av Botolv Helleland og er utgjeven av Kommuneforlaget (1993). Del 1 – *Handbok i kommunal adressetildeling* – kom ut i 1986 og gjer greie for arbeidet med å gje og forvalte adresser i kommunen i samsvar med delingslova og dei tilhøyrande forskriftene.

Del 2 har undertittelen *Stadnamn i offentleg og privat bruk* og tek for seg mange aktuelle sider ved stadnamn i offentleg og privat bruk og gjev svar på mange spørsmål. Boka er nok først og fremst mynta på dei som arbeider i offentleg teneste og har med namnsetjing og skrivemåte av namn å gjera. Men mange enkeltpersonar med dette interessefeltet vil òg finne mykje stoff med stor nytteverdi.

Vi finn i kapittel 2 ein historisk gjennomgang av namnearbeidet i Noreg. Korleis stadnamn har oppstått, ulike namnetypar og namn si utvikling frå tale til skrift.

I kapittel 3 held vi fram med historie om emnet "Namnsetjing i eldre tid". Vi får ein grei gjennomgang av stadnamnbruk i mellomalderen, av utviklinga av by- og festningsnamn og av dei gamle organisasjonseiningane som herad, bygd, grend, fylke, lagdøme og bispedøme. Vi får òg ei kort innføring i den første kommunale namnsetjinga og den private namnsetjinga i eldre tid.

Kapittel 4 er kort og omhandlar namnsetjing i dag. Alt dette stoffet blir breiare omtala i mange av dei seinare kapitla.

Kapittel 5 er i sidetal det mest omfangsrike og tek for seg det kommunale namneansvaret. Her blir dette ansvaret gått igjennom slik det no skal fungere i samsvar med den nye stadnamnlova. Vi får ei utgreiing om fleire lover og forskrifter som kjem inn på det kommunale ansvaret når det gjeld namnsetjing og skrivemåte. Her kan nemnast: 1) stadnamnlova, 2) kommunelova, 3) grunnskulelova og 4) delingslova. I dette kapitlet blir det drøfta korleis kommunane kan organisere namnearbeidet sitt på ein praktisk måte. Gjennom å vise til fleire "grensetilfelle" som døme går Helleland gjennom kommunen si oppgåve som høyrings- og vedtaksorgan i namnesaker. Han går òg gjennom ulike namnetypar som kommunane kjem i kontakt med gjennom adressetildeling og planlegging.

Fylkeskommunen kjem kanskje ikkje så ofte i kontakt med namnelova til dagleg. Dei har fått seg tildelt sitt eige vesle kapittel, men må nok finne seg i også å lesa kapitla om kommunalt og statleg namnearbeid for å få noko særleg matnyttig stoff til sitt arbeid. Dette er ikkje sur kritikk. Eg vil i staden tru at forfattaren har sett at han på denne måten sparar seg mykje gjentak av det som er skrive andre stader i boka.

Kapittel 7 handlar om det statlege namneansvaret og er ein stor og fyldig del. Dette er både rett og rimeleg, sidan staten har ansvaret for namnsetjing på så mange�. Dei ymse statlege etatane og organa som sitt med vedtaksrett for "sine namn", har mykje å hente av opplysningar frå dette kapitlet. Sjølv ein som er nytilsett og kjem dumpande opp i dette innfløkte sakskomplekset, vil kunne ta seg levande ut av irrgangane ved å bruke boka på ein fornuftig måte.

Kartverket har fått brei omtale i kapittel 8. Kartverket er ein etat som har fått seg tillagt eit stort og viktig arbeid i og med at vedtaksmyndet for namn på landkart og sjøkart er overført til dei enkelte fylkeskartkontora. Statens kartverk har òg administrasjonen av det sentrale stadnamnregisteret (SSR) som er oppretta i samsvar med lov om stadnamn. Denne delen av arbeidet er kanskje lite kjend utanom etaten og kan såleis vera ei verdifull opplysning for mange.

I Noreg har vi òg ein god del namn som har si rot i samisk og finsk busetting av landet. Dette har fått ein grei gjennomgang i kapittel 9. Det er elles lagt sterk vekt på desse namneformene i forskriftene til stadnamnlova. Interessant er det òg å lesa om tidlegare behandling av samiske og finske namn. Det er godt å sjå at vi i dag har ei anna målsetjing enn berre for nokre tiår sidan.

Det som er gjennomgått og kommentert til no, er vel den mest faglege delen av boka. Men det er meir stoff for den interesserte lesaren, m.a. om namnsetjing i dei andre nordiske landa. Vi får òg eit kapittel om privat namnsetjing, og ein bolk om innsamling og arkivering av stadnamn. I kapitlet "Nye stadnamn — namnemønster og ordtilfang" er det ting som kan koma godt med for namnekomitear som skal laga nye namn til gater, vegar og bydelar. Boka avsluttar med nyttige adresser, litteraturliste og ordforklaringar.

Som vedlegg er lova med merknader og forskrifter innteken i boka, likeins ein del av Kulturdepartementet sine rundskriv med korte, greie oppsett over saksgangen ved fastsetting av skrivemåten for stadnamn.

Når ein i ettertid ser på alle dei klagene som kjem inn til klagenemnda, klager som til dels kunne vore unngått dersom klagaren hadde sett seg inn i lova sin ånd og bokstav, så er det liksom eg saknar ein grunnleggjande argumentasjon for lova og det vedtaksorgana prøver å oppnå ved å bruke lova som ein tenleg reiskap for å få til eit einskapleg namneverk. Det at lova rett og slett byggjer på vanleg norsk rettskriving, er òg for lite poengtert. Det er nok å vise til ein så enkel ting som bruk av bunden og ubunden form i samsvar med den lokale uttalen. Dialektnær skrivemåte av stadnamn godtek ikkje folk når det i tillegg skal normerast mot gjeldan-

de norsk rettskrivingsnormal. Her kunne sakleg, utfyllande informasjon til lova vore på sin plass.

For oss som arbeider med stadnamn til dagleg, er boka eit sårt sakna og svært nyttig hjelpemiddel for å koma heilskinna gjennom enkelte av dei farane som lurar på oss i saksgangen. Den som arbeider som sakshandsamar med stadnamn som arbeidsfelt, vil ha god hjelp av å lesa forvaltningslova i tillegg.

Boka er på 325 sider. Ho kostar 295 kroner og kan tingast frå Kommuneforlaget eller gjennom lokal bokhandel.

Alf Meisingset
Molde

ER STADNAMNA VERNEVERDIGE?

Ortnamn värda att vårda. Föredrag från Riksantikvarieämbetets symposium Ortnamnskultur. Stockholm 5-7 maj 1993. Redaktör: Göran Ulfsparre. Riksantikvarieämbetet, Stockholm 1994. 171 sider.

I dagane 5.-7.mai 1993 arrangerte Riksantikvarieämbetet i Sverige ein nordisk konferanse med tittelen *Ortnamnskultur*. Konferansen, som vart halden i Stockholm og var den fjerde i sitt slag i Norden, hadde som hovudformål å kasta lys over den verdien og den funksjonen som stadnamna har i kulturlandskapet, og å diskutera vilkåra for å ta vare på stadnamna og driva ei allsidig stadnamnrøkt. Dei 19 foredraga er no utgjevne som artiklar i ein rapport som er kalla *Ortnamn värda att vårda*. Eit knippe av titlane syner spennvidda i emnet: "Ortnamnens existensiella villkor", "Stednavne som oplevelsesfaktor", "Stadnamnrøkt i Noreg", "Korleis kan lovgiving styrkje vernet av stadnamn?" og "Bör ortnamnen skyddas och i så fall hur?"

Tre av artiklane handlar om norske forhold. Kaisa Rautio Helander tek for seg korleis norske, samiske og finske stadnamn blir brukte både i offisiell og uoffisiell samanheng i det fleirspråklege området i Noreg. Helander har delt framstellinga i to. Fyrst gjer ho greie for bruken av stadnamn før stadnamnlova tok til å gjelda 1. juli 1991, og ho syner at samiske namn vart brukte i ganske stor grad allereie på dei fyrste offisielle amtskarta over Troms og Finnmark, som vart utgjevne frå 1860. Når ein kjem til dei topografiske karta i målestokk 1:50 000, som Noregs geografiske oppmåling tok til å gje ut på 1950-talet, finn ein at dei samiske namna blir systematisk

brukte. Finske namn, derimot, finn ein berre sporadisk. I annan offentleg bruk, som t.d. på vegskilt og som namn på poststader, er det lite både av samiske og finske namn; som oftast finn ein her fornorska namneformer.

Den nye stadnamnlova meiner Helander markerer ei radikal endring i stadnamnsamanheng. Ho grunngjev dette med at lova forvaltar skrivemåten av stadnamn i all offentleg bruk, og med at minoritetsspråka samisk og finsk er nemnde særskilt i § 3: "Samiske og finske namn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform." Lova er såleis eit viktig middel i arbeidet med å synleggjera namnekulturen til minoritetsbefolkningane. Sjølv om den praktiske gjennomføringa av lova ikkje er enkel og ukomplisert, er Helander likevel optimist på minoritetsspråka sine vegner.

Halldis Sandsdalen spør i sin artikkel korleis lovgjeving kan styrka vernet av stadnamn. Ho tek for seg bakgrunnen for at vi fekk ei stadnamnlov, og kva lova gjeld, og ho understrekar at regelverket gjeld offentleg **skrivemåte** og **bruk** av stadnamn og **ikkje** namneval eller innsamling av namn. Sandsdalen trur ikkje at dei namna som blir brukte av det offentlege t.d. på kart og skilt, er i fare. Det er alle dei andre namna som blir borte dersom ein ikkje får samla dei inn i tide. Og her meiner Sandsdalen at lova kan verka positivt inn. Fordi prosessen med å fastsetja skrivemåten av stadnamn som det offentlege skal bruka, involverer lokalsamfunnet i mykje sterkare grad enn før, vil det føra til ei oppblomstring av interessa for stadnamna i det heile blant lokalbefolkninga. På den måten vil lova også vera med på å ta vare på kulturminneaspektet ved namna.

Botolv Helleland kjem også inn på kulturminneaspektet i sin artikkel om stadnamnrøkt i Noreg. Han set fyrst stadnamnlova inn i ein historisk samanheng, og ser deretter på forholdet til delingslova og eigedomsnamn. Eit stadig tilbakevendande konfliktstoff ved stadnamnnormering har vore tilhøvet mellom gardsnamn og slektsnamn som byggjer på gardsnamn. Han viser til at ein grunneigar har fått medhald av klagenemnda for stadnamnsaker i skrivemåten *Håskjold* for den munnleg traderte namneforma *Håskollane*. Sjølv om den innarbeidde, men uetymologiske skrivemåten *Håskjold* kan vera viktig som kulturminne, meiner Helleland at slike døme har vore for lite drøfta ut frå kulturminneomgrepet. Etter hans syn bør det vera ei viktig kulturell oppgåve å lovfesta flest mogleg av namna i ei form som svarar til den nedervde uttalen og det språklege opphavet.

Det er her Helleland ser hovudproblemet i stadnamnrøkta. Dei namna som er i bruk i samfunnet, er ikkje avhengige av kulturell verdi, men av **funksjonalitet**. Det offentlege kan ikkje av kulturhistoriske omsyn utan vidare erstatta namn som er i allmenn bruk med namn som er lite kjende.

Likevel meiner han at det bør vera eit mål for både offentlege og private instansar å føra ein namnepolitikk som byggjer på lokale tradisjonar og vanlege rettskrivingsreglar. Dette kan ein gjera når ein skal namnsetja nye objekt, t.d. bustadområde og gater og vegar. Her kan ein i langt større grad leggja kulturhistoriske omsyn til grunn for namnevalet, men vilkåret er at ein har tilgjenge til det eksisterande namnetilfanget i området. For store område er samlingane mangelfulle, og det bør derfor vera ei prioritert oppgåve å samla inn lokale stadnamn.

Helleland er ikkje berre optimistisk for framtida. Han ser for seg at nye stadnamn vil konkurrera med tradisjonelle stadnamn og i mange høve slå dei ut. Han tvilar på om forordningar vil snu denne tendensen, men meiner at informasjon om den kulturelle verdien av gamle stadnamn til ein viss mon kan hjelpa. Her har alle stadnamninteresserte ei oppgåve!

Terje Larsen

NORSKE GEITENAMN – KULTURMINNE OG UTVIKLINGSSOGE

Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken: Blåmann og Lykle. Norske geitenamn. Novus Forlag 1994. 190 sider.

Så har geita òg fått namnebok – og meir enn det. Dei første nitti sidene er for rein kulturhistorie å rekne. Her vert geitesmalen sett inn i sitt rettkomne rom i segn og soge, i dikt og rim, og ikkje minst i liv og lagnad på bygdene frå dei eldste tider til i dag.

Det er mykje å seie om geita. Derfor kan ikkje alt få plass på nitti sider. Men gjennom ei avvegen blanding av eventyr og litteratur, historiske fakta og statistisk metodikk, har forfattarane funne ein stil som gjer boka interessant og leseverdig både for lek og lærd. For ein historisk amatør synest det meste å vere solid underbygt og stå på sikker grunn. At Sigurd Syr i alt mangfaldet har vorte svigerfar (i staden for stykfar) til Olav den heilage, er for rein bagatell å rekne.

- Men kva er det som gjer geitenamn interessante? spør den urbane.

- Jau, geita har følgt mennesket i dei fleste kulturar så langt attende som soga veit. Ho var fattigmanns ku og borna si trøyst. I menneskeaugo synest ho gløggare og meir kreativ enn dei andre felagane sine på bås og binge, infam og kjælen, nyttedyr og ugagnskråke på same tid, med store skilnader i fargespel og hornbunad. Stutt sagt ein personlegdom som har sett sin særeigne svip på den namneskatten ho ber.

Så til namna. Forfattarane har gjennom ulike kjelder funne om lag 8000 av dei, flest for geita. Ho var i fleirtal og trong namna mest. Som alt nemnt vart namna gjerne knytte til farge og faks, lokalgeografi og ikkje minst lynne og eigenskapar, ofte med ein humoristisk undertone. Derfor er det "en anden Klang eller Musik" i geitenamna, sa språkgranskaren J. A. Friis i 1876.

Men utviklinga går sin gang, noko som òg gjev seg utslag i namnerekkjene. Statistikkane i boka viser at namn knytte til karaktertrekk og geografi gradvis har minka, medan kjendisnamn o.l. i dag har fått ein monaleg høgre prosent. Tidsbiletet teiknar seg såleis i namneskikken. Denne endringa er kanskje mindre enn ein skulle tru. Lesaren føler at også kjendisar kan ha trekk som høver til dyret, eller til tida. Som ein rein kuriositet kan nemnast at Gro som geitenamn berre vart nytta to gonger i tidbolken 1925-35. Så flaug årsraten opp til 20 i 1972, for så å dale til 11 i 1991. – Kva vert raten i 1996?

Også bukkane kan få sine underfundige karakteristikkar gjennom kjendisnamna. Les sjølv. Dei fleste veit at han gjer jobben sin med fysne, men at han også kan gjere mykje ugagn når han slepp laus. Det skulle ikkje undre meg om neste skjemtenamnet i bukkeverda nordpå vert Jan Henry.

Ein annan tendens som vert dokumentert i boka, er at ein langt større del av geitene bar namn før enn no. Registrering etter plastmerke og nummer er meir rasjonelt. Om vi prøver å strekkje soga endå litt lenger fram enn boka rekk, er elektronisk merking no på full framveg. Kvifor bruke augo når ein kan greie seg utan? Storindustri og småforsking har hivt seg på karusellen med heile husdyrverda som siktemål. Vi anar at fengsel, aldersheimar og barnehagar vert neste målgruppe, og innan ein generasjon eller så får nok alle operert inn ei lita elektronisk brikke til passkort og identifikasjon. Storebror får full kontroll både i geitebingen og folkemugen. Utvikling treng ikkje vere framgang.

Jau, geitenamn, namnebruk og ikkje minst endringar og utvikling over tid, kan fortelje mykje om fortida – og kanskje litt om framtida. Derfor bør boka få langt vidare utbreiing enn til dei 1000 geitebruka vi enno har att. Ho bør finnast i bokhylla til alle med sans for kultursoge, geitost, amatørfilosofi og namnegransking. Forfattarar og forlag fortener stor takk.

Dagfinn Drabløs
Generalsekretær i
Norsk sau- og geitalslag

NAMN I NEON

Aksjonen for språkleg miljøvern er ein haldningskampanje som Språkrådet har drivi nokre år med støtte frå Kulturdepartementet og Statens informasjonsteneste. Ved fleire høve har Språkrådet heidra butikkar, firma og andre føretak med diplom for godt namnevett. I ein ny, vakker brosjyre, *Namn i neon*, gjev Språkrådet råd om særskriving og samanskriving, stor og liten førebokstav, bindestrek og markering av eigeform (genitiv). Det er desse reglane som oftast blir brotne i namn på butikkar, firma og liknande. Brosjyren rundar av med å seie at godt namnevett er å

* velje norske ord framfor utanlandske
* praktisere norske skrivereglar i namnelaginga
* hente ord og vendingar frå lokal tradisjon
* la den poetiske slagkrafta i morsmålet få spelerom
* bruke fantasi, vett – og gjerne humor – på språket

Brosjyren vender seg til bedrifter, etatar og organisasjonar, men råda vil òg vera nyttige som ei påminning for dei som steller med stadnamnsaker i ulike samanhengar.

SAMANSETJING AV STADNAMN DER FYRSTELEDDET ER EIT PRODUKTNAMN/-NEMNE PÅ *-MANN*

Frå ein tilsett i Innvandrarseksjonen i Oslo fekk eg for ei tid sidan spørsmål om skrivemåten av *Haugmannsveien*, som kommunen har fastsett. Problemet galdt om det skulle vera *s* i samansetjinga. Fyrsteleddet er eit opphavleg personnamn som er nytta som namn på ein eplesort, og som så er teke inn i eit vegnamn i Oslo 5. Her er fleire vegnamn med eplenamn som fyrsteledd, t.d. *Eltonveien, Ribstonveien, Åkerøveien.*

Spørsmålet er altså om namn/nemne laga av andre namn kjem i ei anna gruppe enn namn laga av vanlege ord når det gjeld samansetjing. For å svara på dette måtte ein ta for seg eit større materiale av slike namn og sjå kva form dei har.

I alle høve vil språkbruk og språkkjensle vera avgjerande for korleis ein skal formulera ein eventuell regel. Når det gjeld namn på *-mann-*, synest det oftast naturleg å setja til *-s-*, jf. *Bergmannsgata* etter *bergmann*. Andre døme er *seigmannspose* til *seigmann*, *ingenmannsland* til *ingen mann*.

Frå Hardanger kjenner eg eplesorten *Torstein*, og dei snakkar der om ein *torsteinsapal* og *torsteinsteig*.

Me har diskutert spørsmålet på Avdeling for namnegransking, og det er semje om at *s*-samansetjing prinsipielt må aksepterast i slike namn (personnamn nytta i namn på andre objekt) når det fell naturleg for språkkjensla.

Ei anna sak er om det nemnde namnet er innarbeidd med *s*-komposisjon. Eg har fått opplyst at dei som bur eller har budd der, har brukt namnet munnleg utan *s*-samansetjing sidan hundreårsskiftet. Dersom dette er den opphavlege uttalen, burde kommunen ha teke konsekvensen av det og skrive *Haugmannveien*.

BH

ER NAMNET *ERNA* NORSK ELLER TYSK?

Redaksjonen for *Nytt om namn* har ved eit par høve fått kritiske spørsmål til forklaringa av *Erna* i namnebøkene. Bøkene seier vanlegvis at namnet er ei tysk kortform av *Ernesta*, og at det ordet som ytst ligg til grunn, er adjektivet *ernust* 'alvor' (sjå t.d. Norsk personnamnleksikon, 1982, s. 134). Kritikarane meiner dette er feil. Dei viser i staden til det norrøne *Erna* i Edda-diktet Rigstula (strofe 39). Synspunktet går ut på at når *Erna* finst i vår gamle litteratur, må det òg vera derifrå det har komi i bruk. Den store islandske namneboka, Nöfn Íslendinga (1991, s. 212), held på det same. Isolert sett er det ingen grunn til å gjera noka sak ut av dette. Men spørsmålet har ei prinsipiell side som er verd ein kommentar. Det gjeld kva faktorar ein bør ta omsyn til når ein skal prøve å finne bakgrunnen for eit dunkelt personnamn.

Det grunnleggjande kravet er at ein klargjer dei språklege alternativa, dvs. kva ord, ledd eller andre formelle bitar "problemnamnet" er laga av. Stundom må ein berre gje opp. Andre gonger finst det ei eintydig, innlysande forklaring. Det er det vanlege – og sjølvsagt det beste. Så er det ikkje så sjeldan at eit namn kan ha to eller fleire utgangspunkt som etter språklege kriterium må reknast for likeverdige. Det gjeld m.a. *Erna*. Kritikarane har rett i at norrønt har eit slikt namn. Erna i Rigstula er dotter til Herse og blir gift med Jarl. Ho er høgætta, edel og fager. Namnet er truleg avleidd av adjektivet *ern* 'rask, sprek, dugande'. Men det tyske namnet er òg udiskutabelt, og lagingsmåten der er i hovudsak slik namnebøkene framstiller det.

Når den språklege runden endar uavgjort, må ein sjå om det finst ytre, historiske forhold som kan tala for det eine eller det andre alternativet. Det

første ein da gjerne spør etter, er når og kvar namnet kom i bruk. Her blir oppklaringa lettare dess nærare vår eiga tid vi kjem. Vi kan fastslå nokså greitt at *Erna* er kjent sidan 1700-talet, og at det har dei eldste førekomstane på Vestlandet. Vanleg vart det først mot slutten av 1800-talet. Det er òg temmeleg sikkert at det ikkje har nokon tradisjon attanfor ca. 1750 – bortsett frå det litterære tilfellet i Rigstula.

Neste punkt er kva kanalar namnet kan ha vorti formidla gjennom. På 1700-talet hadde skriftlege medium lite å seie. Vi kan registrere ein del påverknad frå Bibelen og oppbyggingsbøkene, men minimalt frå norrøne skrifter. Det finst knapt noko eintydig norrønt namn som har komi i bruk på litterært grunnlag på 1700-talet, iallfall ikkje kvinnenamn. Da er det heller ikkje rimeleg at det tvetydige *Erna* har komi derifrå. Derimot har vi mange tilfelle av at eintydig utanlandske namn – både mannsnamn og kvinnenamn – kom inn på 1700-talet. Det gjeld ikkje minst namn frå tysk. Dei vart tidt formidla gjennom dansk, men òg gjennom tyske miljø direkte, t.d. ved innflytting. Nettopp Vestlandet fekk mange tyske kvinnenamn. Føresetnaden for at *Erna* kan ha ein slik bakgrunn, er naturlegvis at det var nytta i det impulsgjevande miljøet på denne tida. Og det viser namnelitteraturen at det var. Det *Erna* vi fekk inn, er da etter mitt syn det tyske *Erna*, ikkje det norrøne.

Når vi kjem fram til slutten av 1800-talet, er ein av dei ytre faktorane radikalt endra. Da har nemleg den norrøne litteraturen vorti kjend og populær på nytt, også som leverandør av namn. Men det er ein hake her med: Det var kongesogene og ættesogene, ikkje Edda-dikta, som vart dei gjæve namnekjeldene. Samtidig kan ein konstatere at framgangen for *Erna* på 1800-talet fell saman med eit oppsving for namnet i Sverige, Danmark og Tyskland. Tyske namn stod i det heile sterkt i Norden på denne tida. Dermed er eg redd også siste stikk går i tysk favør.

Sjølv om dei generelle språklege argumenta lyt ha høg rang, vil ein i mange tilfelle koma lengst om ein tek dei ytre faktorane først. Best støtte får ein om ein greier å koma sjølve personalhistoria inn på livet. Det følgjer logisk av at førenamn så ofte markerer slektskap, særleg i eldre tid. Personnamn inneheld mange ledd og avleiingselement som ikkje er produktive i ordtilfanget elles, men som i namna kan ha uendeleg spelerom i visse periodar. Det gjeld t.d. *-ine* og *-(i)us* på 1800-talet. Ofte er det berre personsamanhengen som kan forklare korleis ei elles ukjend namneform har oppstått. Men for *Erna* sin del skulle det ikkje vera nødvendig å gå så detaljert til verks.

KK

STEDSNAVNARBEID I TJELDSUND LOKALHISTORIELAG

I oktober arrangerte Tjeldsund lokalhistorielag et møte med stedsnavn som tema. Lederen for stedsnavnprosjektet i Nordland, Finn Myrvang, holdt foredrag. Han konsentrerte seg om hva stedsnavn i Tjeldsund kan fortelle, særlig om historiske forhold. Som basis hadde han omkring 800 stedsnavn som allerede før siste krig ble oppskrevet av en lokal historieinteressert, Jacob Sandness.

Foredraget samlet mange tilhørere, og emnet og presentasjonen vakte uventet sterk interesse og debatt selv til et forum for historieinteresserte å være. Kanskje best av alt er at et arbeid med kartfesting av stedsnavn er kommet bra i gang, direkte inspirert av Myrvang sitt foredrag og engasjement.

Hallgeir Trohaug
Ramsund

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Etter § 8 i lov om stadnamn kan alle vedtak om skrivemåte påklagast dersom ikkje vedtaket er gjort av Kongen eller Stortinget. Med unnatak av namnekonsulentane har alle som har rett til å reisa namnesak, også klagerett. Klagen skal sendast det organet som har gjort vedtaket, og namnekonsulentane skal uttala seg på nytt før vedtaksorganet avgjer om det skal ta klagen til følgje. Dersom klagaren ikkje får medhald, blir saka send til klagenemnda for stadnamnsaker.

Klagenemnda blir leia av ein jurist med høgsterettsdommars kompetanse. I tillegg er det i alle saker ein annan fast medlem oppnemnd på fritt grunnlag. I saker som gjeld norskspråklege namn, har nemnda ein medlem for kvar av dei to målformene, og i saker som gjeld samiske eller finske namn, har nemnda ein medlem for samisk eller finsk. Klagenemnda har etter dette fire medlemmer ved behandlinga av norske stadnamn, medan ho har tre medlemmer ved behandlinga av samiske og finske namn. Alle medlemmene har personlege varamenn.

Medlemmene i nemnda blir oppnemnde for fire år om gongen. Desse sit i nemnda no: Førsteamanuensis Kirsti Strøm Bull, Oslo (leiar), personalsjef Kari Risvand, Kristiansand (fritt oppnemnd medlem), førsteamanuensis Peter Hallaråker, Volda (nynorsk), førstearkivar Tom Schmidt, Oslo (bok-

mål), professor Nils Jernsletten, Tromsø (samisk) og stipendiat Irene Andreassen, Alta (finsk). Medlemmene har personlege varamenn.

Talet på klagesaker har vorte mykje høgare enn det ein hadde tenkt seg på førehand, noko som har ført til at nemnda har hatt møte relativt hyppig. Nemnda hadde såleis 8 møte i 1993, medan ho har hatt 3 møte hittil i år. Den store mengda med klagesaker fører også til at det vil ta tid før dei enkelte klagene blir behandla.

Etter avtale med redaktørane vil vedtaka i klagenemnda heretter bli offentleggjorde i *Nytt om namn*. Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som er behandla i perioden 1.1.93 – 4.2.94.

NR	PÅKLAGA NAMNEFORM, KOMMUNE, FYLKE	KLAGAR OG KLAGARS ØNSKE	VEDTAK I NEMNDA
1	Vorrvika, Agdenes, Sør-Trøndelag	grunneigar: Vårvik kommunen: Vårvika	Vorrvika
2	Oppåker, Nes, Akershus	kommunen og Opaker Velforening: Opaker	Oppaker
3	Hældalstinden, Eide, Møre og Romsdal	kommunen: Heldalstinden	Hældals-tinden
4	Hældalsvatnet, Eide, Møre og Romsdal	kommunen: Heldalsvatnet	Hældals-vatnet
5	Helgatunsetra, Rindal, Møre og Romsdal	grunneigarar: Helgetunsetra	Helgetun-setra
6	Åneset, Frei, Møre og Romsdal	grunneigar: Ånes	Ånes
7	Håskollane, Volda, Møre og Romsdal	grunneigarane: Håskjold	Håskjold
8	Brandsetra, Eide, Møre og Romsdal	kommunen: Brannsetra	Brandsetra

9	Brandshaugen, Eide, Møre og Romsdal	kommunen: Brannshaugen grunneigar: Brandshaug	Brandshaug
10	Hefsdalen, Stranda, Møre og Romsdal	kommunen: Hevsdalen	Hevsdalen
11	Skorbøen, Stranda, Møre og Romsdal	grunneigarar og kommunen: Skarbø	Skorbøen
12	Herkedalen, Eide, Møre og Romsdal	grunneigarar og kommunen: Herskedalen	Herskedalen
13	Herskedalssetra, Eide, Møre og Romsdal	kommunen: Herskedalssetra	Herskedals-setra
14	Skuløya/Flemsøya, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Skuløy/Flemsøy	Skuløya/ Flemsøya
15	Skjeltene, Haram, Møre og Romsdal	grunneigarar og kommunen: Skjelten	Skjeltene
16	Rime, Haram, Møre og Romsdal	grunneigarar og kommunen: Remme	Reme
17	Rimereiten, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Remmereiten	Remereiten
18	Rimevollen, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Remmevollen	Remevollen
19	Rimeheia, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Remmeheia	Remeheia
20	Rimefjellet, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Remmefjellet	Remefjellet
21	Rimenakken, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Remmenakken	Remenakken

22	Vasset, Haram, Møre og Romsdal	grunneigar: Vadset	Vadset
23	Emdalen, Stranda, Møre og Romsdal	grunneigarar og kommunen: Emdal	Emdalen
24	Kvalvika, Frei, Møre og Romsdal	kommunen: Kvalvik	Kvalvik
25	Eidsvika, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Eidsvik	Eidsvika
26	Bjørnøya, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Bjørnøy	Bjørnøya
27	Terøya, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Terøy	Terøya
28	Skor, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Skår	Skor
29	Sunnaland, Haram, Møre og Romsdal	kommunen: Synnaland	Synnaland
30	Stura, Øygarden, Hordaland	grunneigarar og kommunen: Sture	Stura
31	Holtjernet, Hurdal, Akershus	kommunen: Høltjernet	Holtjernet
32	Suteren, Nesodden, Akershus	kommunen: Sutern	Suteren
33	Molen, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen: Målen	Molen
34	Molsneset, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen: Målsneset	Molsneset
35	Haugan, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og Bjerkely grendautval: Hågan	Haugan

36	Steffenhaugen, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og Øre bygdalag: Steffenhågen	Steffen-haugen
37	Svarthaugen, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og grendautvalet for Fagerli gamle skulekrets: Svarthågen	Svarthaugen
38	Durmålhaugan, Gjemnes, Møre og Romsdal	grendautvalet for Fagerli gamle skulekrets: Durmålshaug	Durmål-haugan
39	Durmålhaugen, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og grendautvalet for Fagerli gamle skulekrets: Durmålshaugen	Durmål-haugen
40	Skeissetra, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og Øra bygdalag: Skeisetra	Skeissetra
41	Holåvatnet, Gjemnes, Møre og Romsdal	grendautvalet for Fagerli gamle skulekrets: Hålåvatnet	Holåvatnet
42	Innergarden, Gjemnes, Møre og Romsdal	grunneigar: Indergård	Innergarden
43	Steinaslættbekken, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og Bjerkely grendautval: Steinaslettbekken	Steinaslætt-bekken
44	Aspåsen, Gjemnes, Møre og Romsdal	grendautvalet for Fagerli gamle skulekrets: Aspås	Aspåsen
45	Solåneset, Gjemnes, Møre og Romsdal	grunneigarar og kommunen: Solenes	Soleneset

46	Mokkelbostad, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og Øre bygdalag: Myklebostad	Myklebostad
47	Sjømælingan, Gjemnes, Møre og Romsdal	grunneigar: Sjømæling	Sjømælingan
48	Sevika, Gjemnes, Møre og Romsdal	grunneigarar og kommunen: Søvik(a)	Sevika
49	Sjølsvikan, Gjemnes, Møre og Romsdal	grunneigar: Skjølsvik	Sjølsvikan
50	Blikåsen, Gjemnes, Møre og Romsdal	grendautvalet for Fagerli gamle skulekrets: Blikås	Blikåsen
51	Teigen, Borre, Vestfold	kommunen: Teien	Teigen
52	Brubekken, Gjemnes, Møre og Romsdal	grunneigar og kommunen: Brubekk	Brubekken
53	Bjørndalen, Gjemnes, Møre og Romsdal	Bjerkely grendautval: Bjønndalen	Bjørndalen
54	Pesetra, Gjemnes, Møre og Romsdal	grunneigar: Perseter kommunen: Persetra	Persetra
55	Fursetbotnen, Gjemnes, Møre og Romsdal	Bjerkely grendautval: Fursetbotn	Fursetbotnen
56	Holåhunden, Gjemnes, Møre og Romsdal	Bjerkely grendautval: Hålåhunn'	Holåhunden
57	Flogåa, Gjemnes, Møre og Romsdal	Bjerkely grendautval: Flågåelva	Flogåa

58	Vetafjellet, Gjemnes og Nesset kommunar, Møre og Romsdal	Gjemnes kommune: Vettafjellet	Vetafjellet
59	Litlvatnet, Gjemnes, Møre og Romsdal	Batnfjord grendautval: Likkjvatnet	Litlvatnet
60	Hjulnebba, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen og Bjerkely grendautval: Hjulnebbå	Hjulnebba
61	Middagshaugen, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen: Middagshåjen Batnfjord grendautval: Meddagshågen	Middags-haugen
62	Sildvolnes, Frei, Møre og Romsdal	grunneigar og kommunen: Sildvågnes	Sildvolnes
63	Angvika/Angvik, Gjemnes, Møre og Romsdal	kommunen: Angvik Statens kartverk Møre og Romsdal: Angvika	Angvika

Om vedtaka:

Før nemnda fattar vedtak, blir sakene sjølvsagt grundig drøfta, og det er mange forhold som blir vurderte mot kvarandre: Nedervd uttale, gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp, skrifttradisjon, skrivemåtar brukte av det offentlege i dag, fråsegner frå kommunen og andre som har uttalerett, og — når det gjeld bruksnamn — eigarens ønske.

Plassen tillet ikkje at grunngjevinga for alle 63 vedtaka blir referert. I staden skal eg gjengi vurderingane for 3 av sakene.

1. *Vorrvika*.

Denne saka galdt eit bruksnamn, og Statens kartverk Sør-Trøndelag vedtok skrivemåten *Vorrvika* etter tilråding frå namnekonsulentane. Grunneigaren

klaga og ønskte *Vårvik* som skriftform, medan kommunen gjekk inn for *Vårvika*. Nemnda uttalar:

"Ved fastsettelse av skrivemåten skal utgangspunktet være den nedarvede lokale uttalen, jf § 4, og på grunnlag av saksopplysningene synes det ikke være tvil om at /"vårrvikja/ er den tradisjonelle uttalen av dette navnet.

Saken inneholder to normeringsproblem: Bruken av bestemt/ubestemt form og skrivemåten av førsteleddet.

Som nevnt ovenfor, synes det ikke være tvil om at navnet i tradisjonell dialektform har bestemt form, noe klageren også oppgir. I skrift er bestemt form brukt i matrikkelen både i 1886 og 1905 (*-en*) og på kartblad 1522-3 Ørlandet fra 1971 og seinere. Agdenes kommune går også inn for bestemt form. Rektangelkart Terningen fra 1882 og seinere har ubestemt form, og det samme har Økonomisk kartverk. Ubestemt form er også brukt i diverse andre sammenhenger.

Når det gjelder førsteleddet, finner nemnda det dokumentert at uttalen er /vårr-/, dvs. med kort *å* og lang *r* (rr). Et av de viktigste rettskrivingsprinsippene i norsk er at *kort vokal + lang konsonant* blir skrevet med *én vokal + to konsonanter*, mens *lang vokal + kort konsonant* blir skrevet med *én vokal + én konsonant* (eks. *takk - tak*).

Med hensyn til *å* eller *o* blir den korte *å*-lyden i norsk ofte skrevet *o*, jf ord som *o*rrhane /*å*rrhane/, t*o*pp /t*å*pp/, v*o*ll /v*å*ll/, mens lang *å*-lyd blir skrevet *å*, jf ord som v*å*r /v*å*:r/, s*å*r /s*å*:r/, l*å*n /l*å*:n/.

Tradisjonell uttale og gjeldende rettskrivingsprinsipper tilsier derfor *Vorrvika* som skrivemåte. Denne saken dreier seg imidlertid om et bruksnavn, og det skal legges vekt på ønsket til grunneieren. Loven åpner dessuten for å fravike rettskrivingsprinsippene når særlige grunner taler for det. Nemnda kan likevel ikke se at det foreligger sterke nok grunner til å fravike hovedregelen i denne saken. Nemnda vil også peke på at vi her har å gjøre med et opprinnelig naturnavn, som i relativt ny tid er tatt i bruk som bruksnavn. Etter en helhetsvurdering fastsetter nemnda skrivemåten til *Vorrvika*."

2. *Oppåker*.

Denne saka galdt eit poststadnamn. Saka var teken opp av Opaker Velforening, som ønskte at skrivemåten *Oppåker* skulle endrast til *Opaker*, og velforeinga vart støtta av kommunen. Namnekonsulentane gjekk i si tilråding primært inn for å halde på *Oppåker* som skrivemåte, men kunne sekundært

akseptere skriftforma *Oppaker*. Postverket vedtok likevel å la *Oppåker* bli ståande som skrivemåte for namnet. Nemnda uttalar:

> "Ved fastsettelse av skrivemåten skal utgangspunktet være den nedarvede lokale uttalen, jf § 4. På grunnlag av saksopplysningene synes det ikke være tvil om at /"oppåker/ er den tradisjonelle uttalen av navnet. Dersom en skal legge denne uttalen til grunn for normeringen, vil derfor skrivemåten måtte bli *Oppåker*. Klagenemnda finner det likevel dokumentert at /"oppaker/ er den vanlige uttalen i dag, og mener det er rimelig grunn til å legge denne uttalen til grunn for skrivemåten. Skriftformen må imidlertid følge gjeldende rettskrivingsprinsipp for norsk, og nemnda slutter seg til navnekonsulentenes begrunnelse for å avvise klagers ønske om skrivemåten *Op-* for førsteleddet i navnet. Klagenemnda fastsetter skrivemåten til *Oppaker*."

7. *Håskollane*.

Denne saka galdt eit bruksnamn, og Statens kartverk Møre og Romsdal vedtok skrivemåten *Håskollane* etter tilråding frå namnekonsulentane. Oppsitjarane klaga og ønskte *Håskjold* som skrivemåte, og dei vart støtta av Volda kommune og Mork grendautval. Nemnda uttalar:

> "Ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn skal utgangspunktet vere den nedervde lokale uttalen, jf § 4. På grunnlag av saksopplysningane kan det ikkje vere tvil om at den gamle lokale uttalen av namnet er /håskållane/, og dette går klagar heller ikkje direkte imot. Dersom ein skal leggje denne uttalen til grunn for normeringa, vil derfor skrivemåten måtte bli *Håskollane*. Nemnda finn det likevel ikkje dokumentert at denne uttalen framleis er i levande bruk, jf § 1-1 i forskriftene. I dag synest uttalen /håskjold/ å vere einerådande, og sjølv om dette er ein skriftpåverka uttale, ser ikkje nemnda det som eit avgjerande motargument mot skriftforma *Håskjold*. Denne skrivemåten har dessutan lang tradisjon og er vel kjend og innarbeidd. Nemnda legg også vekt på at namnet har funksjon som grendenamn, og at alle oppsitjarane saman med Volda kommune ønskjer skrivemåten *Håskjold*. Etter ei heilskapsvurdering fastset klagenemnda skrivemåten til *Håskjold*."

Terje Larsen

UNGE FORSKERE 1994

Foreininga Unge Forskere hadde sin årlege finale på Norsk Teknisk Museum i Oslo 26. april. Til saman var det sendt inn 42 arbeid av ungdomar i alderen 12-21 år, 21 jenter og 22 gutar. Av desse vart 20 funne verdige til å vera med i finalen. Rektor ved Universitetet i Oslo, Lucy Smith, stod for prisutdelinga.

Ulike emne innan naturvitskap, miljøgransking og humanistiske fag var representerte. To av arbeida som kom til finalen, galdt namnegransking, og båe fekk tredjepremie. Det eine har tittelen *Personnavnutviklingen i Vefsn kommune* og er skrive av Dag Thomas Hansson ved Mosjøen videregående skole. Han har teke for seg personnamn i folketeljingane frå 1801, 1865 og 1875 og m.a. vist at det har vore svingingar i namnemoten i Vefsn på 1800-talet. Den andre namneoppgåva var sendt inn av Irene Ringstad ved Kristelig gymnasium i Oslo og ber tittelen *Stedsnavn i Hakadal*. Ho har samla inn stadnamn frå ei grend i Nittedal og drøft dei ut frå tyding og typologi.

*

Talet på namneoppgåver til Unge Forskere har halde seg stabilt dei siste åra, dvs. opp til eit halvt dusin. Men me veit at det vert skrive mange fleire slike oppgåver rundt om i den vidaregåande skulen, og av dei er det utan tvil mange som ville vera gode nok til å koma med i finalen. Som døme på produktiviteten på dette feltet nemner eg at det ved Grimstad gymnas vart skrive heile sju stadnamnoppgåver i 1993. Oppgåvene er på 15-30 sider og handsamar frå ikring 70 til 150 namn frå avgrensa område, jf. titlar som *Stedsnavn på Stalleland*, *Stedsnavn langs Strandefjorden*.

Adressa til Unge Forskere er *Norsk Teknisk Museum, Kjelsåsveien 143, 0491 Oslo*.

BH

NY BOK FRÅ IVAR AASEN-SELSKAPET

Andre bandet i serien med manuskript etter Ivar Aasen har no komi ut under tittelen *Målsamlingar frå Sunnmøre*. Boka inneheld ordsamlingar av ulike slag. Tekstane er frå 1840-åra, og dei gjev mykje opplysning om sunnmørsmåla. Terje Aarset har skrivi innleiing om manuskriptforhold, arbeidsgang, tekstskipnad og utgjevingsprinsipp. For medlemmer kostar boka 180 kroner hefta og 230 kroner innbunden. Ho blir fritt tilsend. Første bandet, Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen, er framleis å få kjøpt. Medlemskap og boktilbod får ein ved å vende seg til Ivar Aasen-selskapet, Nordisk institutt, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen.

STUDENTARBEID OM NAMN

Hovudfag i Oslo

Astrid Weel Sannrud: Etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre. Avdeling for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo. Hausten 1993. 280 sider + namneliste og tabellar.

I førre hundreåret var Noreg eit samfunn i endring på mange område. Landet var fyrst i union med Danmark, deretter i union med Sverige, og menneske med makt og sosial status kom gjerne frå utlandet. Dette kom til å setje spor også i norsk personnamnskikk, og det er mot denne samfunnsmessige bakgrunnen at Sannrud i si hovudoppgåve har kartlagt bruken av etternamn i Fredrikstad på 1800-talet.

Det geografiske området for undersøkinga er altså byen Fredrikstad, som alt frå 1660-åra hadde vore garnisonsby. Byen ligg strategisk til ved munningen av Glåma, nær svenskegrensa og nær sjøvegen til Danmark, og var såleis eit viktig punkt i kontakten med utlandet. Slik sett er Fredrikstad eit heldig val når det gjeld å kartleggje namnebruk mot (andre) samfunnsendringar på 1800-talet.

Termen *etternamn* definerer Sannrud slik: "Det navnet som står sist i et navnekompleks, kalles *etternavn*" (s. 11). Eit namnekompleks er "et navn eller en rekke av navn hvorved en person i ulike tilfeller identifiseres" (s. 11). Eit etternamn vert dermed definert etter den posisjonen det har i eit namnekompleks.

Materialet til undersøkinga er henta frå folketeljingane 1801 og 1865. I tid er det to generasjonar mellom desse to teljingane, så her ligg det godt til rette for samanlikning. Siktemålet med oppgåva er dermed å kartleggje endring i bruken av etternamn i Fredrikstad i perioden 1801-65.

Namna vert inndelte i gruppene patronym, tilnamn, humanistnamn, adelsnamn og bustadnamn. Ei slik inndeling er ikkje utan problem. Det syner seg m.a. då Sannrud skriv: "Humanistnavnene består følgelig av navnetypene tilnavn og patronym" (s. 20). Men fordi humanistnamna har ei så særprega språkleg form, er det naturleg å skilje dei ut som ei eiga gruppe. Eit *tilnamn* vert definert som "etternavn som opprinnelig – dvs i sin første onomastiske fase – har blitt brukt for å betegne en enkelt person og som ikke er et patronym" (s. 16). Etter denne definisjonen kan adelsnamna også vera tilnamn, men Sannrud viser til at "Siden (adels)navnet ofte ble brukt på en hel slekt, ikke en enkelt person, skiller jeg denne betegnelsen fra betegnelsen *tilnavn*" (s. 21).

I analysen legg Sannrud vekt på sosiale og geografiske tilhøve. Ho deler befolkninga i 5 sosialgrupper (4 sivile og 1 militær) hovudsakleg etter hus-

bondens leveveg, og byen i tre geografiske område: Gamlebyen, Forstaden og Vaterland. Inndelinga av etternamna i namnetypar og inndelinga av namneberarane etter sosiale og geografiske tilhøve, dannar så utgangspunktet for den vidare analysen av namneskikken.

Sannrud har også vurdert etternamnas *proveniens*, dvs "et navns geografiske herkomst" (s. 23). Ho understrekar at "Proveniensen må bestemmes ut fra hvor navnene første gang blir brukt som etternavn" (s. 25). For å bestemme proveniens har Sannrud dermed også nytta opplysningar om kvar innbyggjarane var født. Dette kriteriet kan nok i fyrste omgang verke noko usikkert, for ein kan lett tenkje seg at det ikkje er samsvar mellom eit etternamns geografiske opphav og ein namneberars fødestad. Men dette samsvaret var nok langt på veg reelt på 1800-talet, særleg i byrjinga av hundreåret.

I ei stutt omtale er det ikkje høve til å nemne alle enkeltundersøkingar i denne oppgåva, men nokre av dei mest interessante konklusjonane skal takast med. I 1801-teljinga er 3 av 4 personar oppførte med primærpatronym, ein etternamnstype som særleg karakteriserer dei lægre sosiale laga. Karakteristisk for dei høgre sosiale laga er etternamn av typane tilnamn og bustadnamn, både norske og utanlandske (s. 140). Berre 10% av befolkninga har etternamn som kan definerast som slektsnamn, dvs etternamn som "arves i det minste en generasjon og som bæres mer eller mindre regelmessig av søsken" (s. 12). Slektsnamna tilhøyrer personar med høg sosial status.

Folketeljinga frå 1865 syner at bruken av etternamn er under sterk endring gjennom hundreåret. Fleire etternamn fungerer no som slektsnamn, og som i 1801 er det klår samanheng mellom namnetype og sosial tilknyting. Men dette samsvaret var større i 1801 enn i 1865 (s. 276). Dei to store etternamnstypane er — som venta — patronym og norske bustadnamn (oftast gardsnamn). Patronyma signaliserer lågare status og bustadnamna høgare status. Undersøkinga syner også at namn på husmannsplassar sjeldan vart nytta som etternamn, og Sannrud konkluderer med at eit plassnamn kanskje kunne vera sosialt stigmatiserande (s. 274).

Eit anna interessant spørsmål Sannrud tek opp, er kvinnas bruk av mannens etternamn ved giftarmål. Sannrud viser at i Fredrikstad tok denne skikken til på 1800-talet, og han voks fram parallelt med utviklinga frå etternamn til slektsnamn (s. 277).

I oppgåva er det også døme på gode språklege vurderingar av einskildnamn. Etternamna *Giøc* og *Jøgh* frå 1801-folketeljinga blir sett til eit tilnamn *Gjøk* som opphavleg truleg har vore brukt om ein luring, ein ustabil person (s. 93). Adelsnamnet *Werenskiold* er laga til eit primærpatronym. Det var eldste sonen til Werner Nielsen som skaffa seg adelspatent under namnet

Werenskiold (s. 100). Etternamnet *Hovoldsen* vert gjerne sett til mannsnamnet *Håvald*, men Sannrud peikar på at også *Håvard* er muleg, og viser til at etternamnet *Baalsen* er laga til mannsnamnet *Bård* (s. 164f).

Det står respekt av alt arbeidet som ligg bak denne oppgåva. Kjeldene er nytta kyndig og kritisk, og der det har vore muleg, er sekundærkjelder kontrollerte mot primærkjelder. Sjølv om dette er eit svært tidkrevjande arbeid, viser Sannrud at det i mange høve er nødvendig. Ho har funne tallause feil i avskrifter og trykte utgåver.

Alle resultat i oppgåva er vel dokumenterte, ja, stundom er det så mange detaljar at ein lett kan miste oversikta. Oppgåva hadde etter mitt syn vunne på at ein del individuelle opplysningar om namneberarar hadde vore utelatte. Men om enn lesaren kan koma på rek i ein slik flaum av fakta, har forfattaren sjølv eit fast grep gjennom heile framstillinga og målet alltid klårt for auga.

Så til slutt nokre kjeldekritiske merknader. Folketeljingane 1801 og 1865 gir etter mitt syn fyrst og fremst opplysning om **formell** bruk av etternamn. Derfor verkar det litt uheldig når Sannrud skriv "De som tjenestegjorde hos folk, tok ofte over etternavnene til de familiene de er ansatt hos" (s. 77), og "— når hele familien bruker etternavnet —" (s. 111). Er det sikkert at namneberarane sjølve nytta namna, eller kan det tenkjast at dei berre eksisterte på papiret? I kor stor grad folketeljingane gir opplysning om **reell** bruk av etternamn, er vel uklårt. I forlenginga av dette kan ein også spørje: Kva ligg det konkret i uttrykk som "bruk av etternamn og slektsnamn"? I ein vidare analyse av kjeldene hadde det vore interessant med ei vurdering av måten folketeljingane er førte på, og i kor stor grad namneopplysningane er uttrykk for offisiell bruk. Kan det tenkjast at etternamna i folketeljingane til dels er resultat av den enkelte oppskrivars praksis ved registreringa? Dette er sikkert spørsmål Sannrud har tenkt over, og ho viser det indirekte ved utsegner som "— at manntallsføreren har gitt den gamle moren samme navn som den voksne sønnen —" (s. 132). Men spørsmålet er ikkje vidare diskutert i oppgåva.

Oppgåva er på fleire vis eit banebrytande arbeid. Sannrud stiller spørsmål og greier ut problem som det frå før har vore få og usikre svar på. Derfor er denne grundige og veldokumenterte undersøkinga eit viktig bidrag til norsk slektsnamnshistorie. Framtidige slektsnamngranskarar vil ha stor nytte av oppgåva.

Margit Harsson
Oslo

Hovudfag i Bergen

Håkon Lilleholt: Stadnamn frå Høvåg i Lillesand kommune, Aust-Agder. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen. Våren 1993. 226 sider.

Oppgåva omfattar 1230 stadnamn frå Høvåg sokn synst i Aust-Agder. Høvåg var før eige herad, men høyrer no til storkommunen Lillesand. Området er sterkt sjøorientert og namna følgjeleg mykje prega av fiske og ferdsel på sjøen. Arbeidsmetoden og disposisjonen følgjer stort sett den tradisjonelle Indrebø-modellen, og oppgåva har desse hovudkapitla: området, målføret, grammatiske synspunkt på stadnamn, generelle trekk i materialet, komposisjonsfuge (samansetjingsledd), grunnord, namn utan hovudledd, utmerkingsleddet, og til sist liste over informantar, namneregister med sidetilvising og uttale, litteraturliste og samandrag. Resultata blir jamførte med konklusjonane i to andre stadnamnarbeid frå Aust-Agder: Erik Johs. Vintermyrs hovudoppgåve frå Søndeled (1983) og Toralf Aas' hovudoppgåve frå Herefoss (1992).

Grunnorda er oppsette alfabetisk med bøyingsformer, tyding etter Aasens ordbok og tal samansette og usamansette namn. Dersom orda har ei anna tyding lokalt enn den Aasen gjev, blir det nemnt i tillegg. Oversynet over utmerkingsledd er stort sett skipa etter semantiske kategoriar som flora, fauna, jordbruk, fiske, sjøfart osv. Framstillinga er overalt grundig og systematisk. Målførekapitlet gjer greie for foneminventaret, bøyingssystemet og det norrøne grunnlaget for dei einskilde fonema. Av grammatiske synspunkt går Lilleholt særleg inn på skilnaden mellom ordsemantikk og namnesemantikk og strukturen i stadnamna. I strukturanalysen bruker han Vintermyrs modell i Namn og Nemne 1986.

Ein stor fordel med hovudoppgåver av denne typen er at heile tilfanget kjem så konkret til syne. Det er til no skrivi ca. 160 hovudoppgåver innafor denne tradisjonen, og det er eit umåteleg stort og verdifullt materiale som dermed er sikra for ettertida. Somme har nok kjent seg litt ufrie ved å gå Indrebø lydig i fara — men Lilleholt er ikkje mellom dei. Han hadde som uttrykkjeleg ønske å berge namna i det samfunnet han sjølv er ein del av. Under innsamlinga merka han at mange av informantane òg gledde seg over det arbeidet han gjorde. Dette legg eit ekstra pluss til ei gjennomført solid oppgåve.

Per Henning Rege Uppstad: Stadnamn frå sjøen på Vestkarmøy. Nordisk institutt. Hausten 1993. 159 sider.

Uppstad har som Lilleholt skrivi ei tradisjonell stadnamnoppgåve. Mykje av det som er sagt ovanfor om synsvinklar, emne og disposisjon, gjeld dermed for Uppstads arbeid med. Dei har òg det felles at dei set den kultur-

historiske verdien av namna høgt og ser innsamling av stadnamn som godt kulturvern. Uppstad har samla i underkant av 1000 namn frå Vestkarmøy lengst nord i Rogaland. Området strekkjer seg frå Veavågen i sør til Indravær i nord og Urter i vest. Hovuddelen av oppgåva er ein alfabetisk gjennomgang av nemne for terrengtype (dvs. 'grunnord') og andre nemne, med diskusjon av kvart enkelt namn som inneheld vedkomande nemne. På den måten får ein god oversikt over kva utmerkingsledd dei einskilde nemna er kombinerte med. Veikskapen er, som Uppstad sjølv seier, at utmerkingsledda ikkje kjem like tydeleg fram etter sin eigen systematikk. Dette bøter han til ein viss grad på ved å gå gjennom hovudtrekk av den kulturhistoria utmerkingsledda fortel om.

Grensa mellom nemne for terrengtype og andre nemne er stundom vanskeleg å dra. Uppstad plasserer t.d. *skukk* ('flate oppå eit innvendig rom') som terrengord, men *bås* som anna nemne. Etter måten dei blir kommenterte på, burde dei vori sette likt. Ei diskutabel gruppe er òg ord for kroppsdelar, dyr o.l. Av desse reknar Uppstad m.a. *kjeft* og *kalv* til terrengnemna, men det synest eg er å tøye omgrepet for langt. Eit par stader (s. 31 og 138) er han ustø i grensegangen mellom *nemne* og *namn*.

Oppgåva er skriven med eit gjennomført nærperspektiv, der informantane sjølve og deira miljø er dreiepunktet for både språklege og saklege kommentarar. Men det kritiske perspektivet er alltid med. Framstillinga er lett å følgje og språkføringa god. Det ytre apparatet med namneregister, litteratur osv. er òg i beste orden.

Svein Egil Kvale: Tveit-namna i Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen. Hausten 1993. 189 sider.

Etter handbøkene er det ca. 600 gardar med *tveit*-namn i Noreg. Namna høyrer i alt vesentleg heime i Telemark, på Agder, i Rogaland og i Hordaland. Kvale tek for seg den austlege delen av dette området. Med grunnlag i Norske Gaardnavne har han fått eit materiale på 143 namn i Telemark, 63 i Aust-Agder og 19 i Vest-Agder, til saman 225 namn. Det er 79 usamansette (35%), 143 med *-tveit* som sisteledd (64%) og 3 med *Tveit-* som førsteledd. Den same fordelinga har dei norske *tveit*-namna totalt. Som sisteledd står *-tveit* alltid i ubunden form eintal. *Tveit* usamansett har òg ofte slik form, men her er elles både dativ eintal og bunden form fleirtal vanleg. Dei tre fylka blir samanlikna systematisk, i visse høve dessutan øvre og nedre Telemark.

Kvale går først gjennom diskusjonen om ordet *tveit* og viser at dei fleste no meiner det i stadnamn tyder 'rydning'. Så plukkar han ut dei namna som er kjende frå mellomalderen (96 av dei 225) for å sjå om det er nokon samanheng mellom språkleg type og tidleg skriftbelegg. Resultatet er nega-

tivt: Mellomalderbelegga fordeler seg jamt på samansette og usamansette namn og på grammatiske typar i dei usamansette. I dei neste kapitla blir heile tilfanget presentert namn for namn, med uttale, gardsnummer, herad, eldste skriftform(er), tolking av førsteledda og fordeling av førsteledd på tydingsgrupper. Dei største gruppene er personnamn (22%) og plante- og trenemne (21%). Til slutt blir namna vurderte i høve til landskyld og eigedomsforhold etter skattematrikkelen frå 1647. I gjennomsnitt har gardane på *-tveit* i Telemark høgre skyld enn både *-heim*, *-land* og *-stad*. Dersom ein godtek premissen om at landskyld og alder heng systematisk saman, inneber dette at også namna på *-tveit* kan gå tilbake til 4-500 e.Kr. I lærebøkene blir *tveit*-namna rekna for tidlegast å vera frå ca. 700 e.Kr.

Kvale har mange problemstillingar, eit mangsidig stoff og ei mengd interessante resultat. Men som heilskap synest eg ikkje oppgåva er vellykka. Ho manglar ei klår line og eit fast, resonnerande grep. Kvale burde ha valt færre emne — eitt hadde vori nok — og med det fått meir plass til grunnlagsdiskusjon og analyse.

Storfag i Volda

Gislaug Heinum: Personnamn i Sogn og Fjordane i 1647. Møre og Romsdal distriktshøgskule. Våren 1990.

Denne oppgåva kom for fire år sidan, men vart i rein vanvare lagd til sides unemnd. Oppgåva er så verdifull at ho må fram i dagen — derfor desse orda i ettertid. Heinum tek for seg namnebruken i Sogn og Fjordane først på 1600-talet slik han kjem til uttrykk i skattematrikkelen frå 1647. Hovudmålet er å kartleggje utbreiing og bruk av dei nordiske namna, men Heinum tek òg med andre i ein romsleg sekk "kyrkjelege namn". Matrikkelen namngjev 5613 bønder/brukarar fordelte slik på dei fire futedøma: 637 i Indre Sogn, 1112 i Ytre Sogn, 1757 i Sunnfjord og 1962 i Nordfjord. I tillegg kjem 145 jordeigarar og kondisjonerte utan sikker lokal heimstamn. Matrikkelen nemner berre 65 kvinner, noko som gjer det uråd å generalisere over namnebruken i denne delen av befolkninga.

Heinum går først inn på matrikkelen som kjeldetype, samfunnstilhøva, språk- og skriftsituasjonen og prinsipp for normering av historiske namn. Så følgjer eit leksikon over alle mannsnamna ho har registrert. Dette er hovuddelen av oppgåva. Heinum opplyser om språkleg opphav, utbreiing i dei ulike futedøma og særskilde trekk ved namneformene. Deretter vurderer ho omfanget av dei nordiske namna. For fylket samla gjev ho både prosent leksikalske (ulike) namn og prosent namneberarar, men for futedøma berre prosent leksikalske. Grunnlaget for samanlikning blir dermed

noko mangelfullt. I fylket er prosenten leksikalske nordiske namn langt høgre (51.4) enn prosenten personar med nordiske namn (41.6). Tek vi bort toppnamnet *Ola*, går den siste prosenten sterkt ned (26.5). Tala viser altså at dei nordiske namna jamt over er mykje sjeldnare enn dei kyrkjelege. Ei slik fordeling mellom namn og førekomst indikerer ofte ein namneskatt i smuldring, men biletet er ikkje eintydig. Leksikalsk sett står dei nordiske namna sterkast i Ytre Sogn (60.2 prosent) og svakast i Sunnfjord (45.0) og Nordfjord (44.4). Sogn og Fjordane har i alt 246 ulike namn. Nabofylket i nord, Møre og Romsdal, har 202, men det er etter måten fleire nordiske namn der (58.4 prosent).

Den jamførande delen inneheld òg lister over dei ti vanlegaste namna i kvart futedøme. Overalt er *Ola* suverent på topp. I Nordfjord merkjer *Rasmus* seg ut (3.plass). Namnet *Johannes* har ofte den spesielle forma *Johans*, særleg i Ytre Sogn (2.plass). Elles er toppnamna stort sett dei same som i andre delar av landet. Heinum går òg gjennom kvinnenamna og dei førenamna som finst i patronym. Til sist set ho opp heile tilfanget alfabetisk med førekomstar og frekvens i dei ulike futedøma og med totalfrekvens for geografisk uplasserte namn.

Oppgåva er innhaldsrik og detaljert, men samtidig ryddig og lett å finne fram i. Som kunnskapsbase vil særleg leksikonet og registeret vera praktiske å ty til. Heinum er flink til å vurdere skriftformer. Eit lumsk trekk i matrikkelen er skrivemåten "-ild" for ledda *-ulv* og *-(v)ald*. Heinum plasserer slike former overtydande rett, og kan jamvel påvise ugrunna tvil i den trykte utgåva. Av dei få vanskar ho ikkje har løyst, kan nemnast *Herre* og *Ørgjer*. Det første er halvemålsform av norr. *Erri*, det andre ei form av *Georg*. Analysane er elles noko snaue, særleg på slutten, og held ikkje same nivå som klassifiseringa.

I Volda er det tidlegare skrivi ei oppgåve om førenamn i Møre og Romsdal i 1647 (sjå *Nytt om namn* nr. 10, s. 45-46). Ønsket må vera at vi etter kvart får slike oppgåver for alle fylka i landet. Resultata kan så stillast saman i regionale og landsomfattande tabellar. Det vil gje eit framifrå bilete av namnebruken i ei tid som utgjer det naturlege haldepunktet mellom E. H. Linds samlingar frå mellomalderen og folketeljinga frå 1801.

Mellomfag i Tromsø

Kjell Ivar Henriksen: Attergangaren "Vandrar-Lasse". Mannsnamn i Skjervøy herad på 1800-talet. Nordisk mellomfag våren 1993.

Namnet "Vandrar-Lasse" i tittelen siktar til predikanten Lars Levi Læstadius (1800-61), som vart omtala slik på folkemunn. Den vekkinga han skapte — læstadianismen —, slo òg rot i Skjervøy, og vart snøgt ei religiøs, kulturell og delvis etnisk motrørsle i samfunnet. Henriksen har som eitt av to hovudmål å undersøkje om denne rørsla fekk noko å seie for namneskikken. Det andre hovudmålet er å kartleggje utslaga av den nordiske namnerenessansen sist på 1800-talet. Materialet er frå folketeljingane 1875 og 1900. Det omfattar namna på 1642 menn, 874 i 1850-75 og 768 i 1876-1900. Gamle Skjervøy herad hyste mange samar og finnar, men dei fleste budde i Kvænangen og Nordreisa, og etter at desse områda var skilde ut som eigne herad (1865 og 1873), var fleirtalet i Skjervøy nordmenn. Sidan samane og finnane hadde ein noko annleis namneskikk enn nordmennene, kan somme av endringane frå 1850 til 1900 rett og slett tilskrivast endra heradsgrenser. Det gjeld m.a. nedgangen for dei typiske samenamna *Isak*, *Mikkel* og *Tomas*.

Korleis gjekk det så med Vandrar-Lasse? Henriksen finn 7 *Lasse* i samisk og finsk miljø nett i dei første vekkingsåra. Andre læstadiansk inspirerte namn er *Johan* og *Anders*, gjevne etter predikantane Johan Raatamaa og Anders Bær. Henriksen har med dette peikt på ei side ved nordnorske namneimpulsar som fortener enda større merksemd, og som venteleg kan forklare også andre avvik frå "landsnormalen". Ved nye undersøkingar ville det òg vera fruktbart å kontrastere manns- og kvinnenamn, m.a. i lys av at hovdingane i rørsla flest alle var menn. Elles lyt ein naturlegvis alltid passe på så ein ikkje overtolkar funna. Såleis legg Henriksen etter mitt syn for mykje vekt på det læstadianske grunnlaget for *Johan*; dette namnet gjekk jo sterkt fram i heile landet på denne tida.

Eg har her berre trekt fram det mest originale i Henriksens oppgåve. Han har òg ei mengd andre resultat og observasjonar som alt i alt gjev eit godt bilete av mannsnamna i Skjervøy 1850-1900.

Mellomfag i Oslo

Eileen Svendsen: Førenamna i Bergens Kalvskinn. Mellomfagsoppgåve våren 1993.

Føremålet med oppgåva er å undersøkje om namna i Bergens Kalvskinn (BK) er sosialt lagdelte, og om einledda nordiske namn særleg blir brukte

i lægre samfunnslag, slik det er hevda i faglitteraturen. Sosialklassane Svendsen bruker, er presteskap og allmuge. BK er ei jordebok for kyrkjene i Bergen og omfattar Vestlandet frå Nordfjord til Hardanger. Ho er skriven ca. 1350-60 på grunnlag av lister utarbeidde frå ca. 1310 til ca. 1340. Det er namngjevi 243 personar, av dei 59 prestar. Allmugenamna omfattar 157 menn og 27 kvinner.

Svendsen finn liten sosial skilnad i namnebruken. Dei nordiske namna (85-87 prosent) og dei einledda namna (22-24 prosent) står om lag like sterkt i begge klassane. Det einaste er at lånenamn i opphavleg form er vanlegare blant prestane enn blant allmugen, men her er dei absolutte tala så små at mønsteret kan vera tilfeldig. Dei vanlegaste mannsnamna totalt er *Jon* (15), *Sigurd* (12) og *Arne* (11), og dei vanlegaste kvinnenamna *Ragnhild* (6), *Tora* (4) og *Inga* (3).

Eg synest det kjem for dårleg fram kva den sosiale inndelinga uttrykkjer. Var prestane ein stabilt utskild klasse? Dei skulle jo prinsipielt ikkje forplante seg (sølibatet), slik at rekrutteringa anten måtte skje ved innvandring eller ved tilsig frå den klassen som her er gjord til motgruppe. At sølibatet aldri fungerte i Norden, endrar lite på dette, for mødrene til prestar av andre (og tredje, fjerde osv.) generasjon hadde i alle høve ikkje-klerikal bakgrunn. Vi veit frå seinare tid at barn fødde utanfor ekteskap oftare enn "ekte" barn fekk namn frå morssida. Dersom det òg skjedde i mellomalderen, blir tråden attende til allmugen enda sterkare. Det Svendsen måler, kan altså i stor mon vera to sider av same sak. La meg understreke at dette likevel er ei god oppgåve. Ho er veldisponert og klår, og grundig i dokumentasjonen.

Karin Svendsen Værness: Variasjonar i namneval i Kongsvinger og Eidskog for åra 1977 og 1985. Mellomfagsoppgåve våren 1993.

Føremålet med oppgåva er å finne ut kva faktorar som styrer valet av førenamn, og spesielt kvifor ein vel eller vrakar heimlege norske namn. Namnevalet blir sett i høve til gut/jente, fødselsår (1977 og 1985), bustad (byen Kongsvinger mot nabobygda Eidskog) og utdanning. Materialet er samla gjennom eigne spørjelister. Det omfattar 175 elevar, 102 jenter og 73 gutar. Av begge kjønn er det flest frå Kongsvinger, og tidsmessig flest frå 1985-kullet.

Om lag tredjedelen av barna har to førenamn. Det er liten skilnad mellom kjønna, men generelt har dobbelnamna tapt seg frå 1977 til 1985. Eidskog har litt høgre prosent enn Kongsvinger. Jamt over er tredjedelen òg oppkalla. Skikken er noko svekt frå 1977 til 1985. Gutane blir oftare oppkalla enn jentene. Dei som ikkje kallar opp, vel helst namn etter andre personar dei har høyrt om, dvs. namn som "ligg i lufta" i ikkje altfor fjernt

miljø. Denne tendensen har auka frå 1977 til 1985 og har teki over det rommet som oppkallinga har mist. Mange hentar òg idear frå namnebøker; særleg gjeld det for namn på gutar. Sansen for tradisjon og heimleg skikk var generelt sterkare i 1977 enn i 1985. Dette kan truleg tolkast som at dei som sluttar å kalle opp, også løyser seg frå dei gamle namna på andre vis. Folk med høg utdanning legg meir vekt på tradisjon i namnevalet enn dei andre sjikta gjer.

Oppgåva er sjølvstendig utført og inneheld ei mengd presise resultat. Men som Værness sjølv peikar på, er materialet både i snauaste laget og for trongt oppsett, m.a. når det gjeld tidsfaktoren. Ho har difor all grunn til å vera varsam i konklusjonane.

Hittil har *Nytt om namn* prøvd å omtala alle studentoppgåver frå hovudfag og mellomfag som redaksjonen har fått i hende. Men til jul 1993 kom det så mange mellomfagsoppgåver at vi ikkje kan gjera likeins denne gongen. Det vart da levert 7 namneoppgåver i Tromsø og 6 i Oslo. Oppgåvene i Tromsø tek alle for seg utviklinga i førenamn blant kvinner frå 1840 til 1900, med materiale frå kvar sitt område: Skjerstad, Ofoten/Ankenes, Trondenes, Tromsø, Lyngen, Hammerfest og Karasjok. Av oppgåvene i Oslo handlar éi om fjellnamn i "Molde-panoramaet", éi om gardsnamn i Tromsøysund, éi om litterær namnebruk (Olav Aukrust), éi om mannsnamn i Hof og Elverum, og to om oppkalling i Ullensaker og Flostad. Truleg må vi nedprioritere dette stoffet i komande nummer òg. Det er eit paradoks at når faget blømer, lyt formidlinga kortast inn.

Av hovudoppgåver kjem det framleis ikkje fleire enn at vi kan setje av plass til å omtala dei. Fagleg sett er dei òg klårt viktigare enn mellomfagsoppgåvene, og fortener absolutt å bli kjende på denne måten. Det er inga overdriving å seie at ein stor del av originalforskinga i faget blir gjord av hovudfagsstudentar. Det sørgjelege er berre at resultata kjem så få til nytte. Fagmiljøet burde jamleg oppmuntre studentane til å laga samandrag og/eller trekkje ut særskilde tema og prøve å få dei prenta som tidsskriftartiklar. Kanskje vil ein slik praksis òg nøre forskargnisten hjå dei som slepp til. Hittil har vi dessverre sett at hovudoppgåva tidast vart "det siste dei gjorde", for å herme Jakob Sande.

Ei spesiell — og positiv — side ved tilhøvet mellom fagstega er at dei som skriv namneoppgåve på mellomfag, ofte får lyst til å føre arbeidet vidare på hovudfag. I Oslo har eit par studentar alt bygd ut mellomfagsemnet til hovudoppgåve, og fleire planlegg å følgje etter. Det lovar godt.

KK

Returadresse:
Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking*. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

ISSN 0800 - 4676